



ÅMLI KOMMUNE  
- BYGDA FOR ALLE



## Årsrapport 2020 - Årsmelding og rekneskap

Vedteke i kommunestyret 20.05.2021, sak 21/24

Forsidefoto: Svein Mortensen



# INNHOLD:

<b>Årsmelding for 2020 .....</b>	<b>6</b>
<i>Innleiding .....</i>	6
ØKONOMISK RESULTAT .....	6
<i>Kommunen som verksemد .....</i>	8
ÅRSVERK PR. 31.12.2020 .....	8
ALDERSSAMANSETNING PR. 31.12.2020: .....	8
NÆRVÆR/OPPFØLGING AV SJUKEFRÅVÆR .....	8
OPPLÆRING HMSK OG AVVIKSHANDTERING (QM+): .....	8
LÆRLINGER: .....	8
SOMMARJOBB FOR SKULEUNGDOM: .....	8
INTERNKONTROLL.....	9
TILSYN FRÅ EKSTERNE AKTØRAR .....	9
TILSYN FRÅ ÅMLI KOMMUNE .....	9
BEREDSKAP .....	9
INFORMASJONSSIKKERHET.....	10
LIKESTILLING.....	10
HEIDER TIL KOMMUNALT TILSETTE .....	11
ARBEIDSMILJØ OG YTRE MILJØ .....	11
<i>Folkevalde .....</i>	12
POLITISK ORGANISERING .....	12
MØTEAKTIVITET I DEI FASTE POLITISKE ORGANA .....	13
ØKONOMISK RESULTAT .....	13
VEDTAK FATTAT I KOMMUNESTYRET 2019, MED STATUS UNDER BEHANDLING (UB).....	14
STAUS PÅ VEDTAK FATTAT I KOMMUNESTYRET 2020.....	14
TILTAKSOVERSIKT MED STATUS .....	18
<i>Administrativ stab og støtte .....</i>	20
ORGANISERING .....	20
OVERORDNA MÅL .....	20
FOKUSOMRÅDE .....	20
ØKONOMI.....	20
<i>Samfunn .....</i>	21
ORGANISERING .....	21
REINHALD .....	21
TEKNISK FAGOMRÅDE.....	21
KOMMUNALE BYGGEPROSJEKT.....	21
PLAN- OG BYGGESAK.....	22
KART OG OPPMÅLING.....	22
SKOGBRUK .....	22

VILTFORVALTNING.....	22
JORDBRUK.....	23
REISELIV.....	23
NÆRING.....	23
KULTURSKULEN.....	24
KULTUR.....	24
BYGDEBOK .....	25
ÅMLI BIBLIOTEK .....	25
ØKONOMI.....	25
 <i>Oppvekst.....</i>	 26
BARNEHAGE.....	26
SKULEN.....	26
ÅMLI PP-TENESTE.....	27
FLYKTNINGTENESTA .....	27
VAKSENOPPLÆRING .....	27
PROSJEKT .....	28
ØKONOMI.....	29
 <i>Habilitering og ressurs .....</i>	 30
ORGANISERING .....	30
TENESTA FOR FUNKSJONSHEMMA (TIMMERODDEN BUFELESSKAP) .....	30
PSYKISK HELSETENESTE/RUS.....	31
ÅMLI SOM EIN AV-OG-TIL KOMMUNE .....	31
DAGSENTER.....	31
ØKONOMI.....	32
 <i>Helse og omsorg .....</i>	 33
ORGANISERING .....	33
HELSESTASJONEN.....	33
LEGEKONTOR.....	33
FYSIOTERAPEUT.....	33
ERGOTERAPI.....	34
FRISKLIVSSENTRAL.....	34
INSTITUSJON - ÅPOS .....	34
SKJERMA AVDELING.....	34
LANGTIDSÅDELING .....	34
KJØKKEN / VASKERI /REINHOLD .....	34
HEIMESJUKEPLEIE .....	35
HEIMHJELP – PRAKTIK BISTAND .....	35
AMBULERANDE VAKTMESTER .....	35
AKTIVITETSTILBOD TIL DEMENTE.....	35
SYN OG HØRSELSKONTAKT .....	35
ØKONOMI.....	35

<b>Rekneskap for 2020 .....</b>	<b>37</b>
<b>Hovedoversiktar.....</b>	<b>37</b>
BEVILGNINGSOVERSIKT DRIFT A.....	37
BEVILGNINGSOVERSIKT DRIFT B .....	38
BEVILGNINGSOVERSIKT INVESTERING A.....	39
BEVILGNINGSOVERSIKT INVESTERING B .....	40
ØKONOMISK OVERSIKT ETTER ART – DRIFT.....	41
<b>Balanse.....</b>	<b>42</b>
<b>Nøkkeltall .....</b>	<b>43</b>
NETTO DRIFTSRESULTAT I % AV BRUTTO DRIFTSINNTEKTER – KOMMUNEN TOTALT.....	43
BRUTTO DRIFTSINNTEKTER OG GJELD .....	43
GJELDSGRAD = NETTO GJELD/BRUTTO DRIFTSINNTEKTER .....	44
«NETTO DISPOSISJONSFOND» = DISPOSISJONSFOND – PREMIEAVVIK.....	44
<b>Noter.....</b>	<b>45</b>
NOTE 1 – ENDRING I ARBEIDSKAPITAL .....	45
NOTE 2 - PENSJONSKOSTNADER .....	46
NOTE 3 – OPPGÅVE OVER ÅMLI KOMMUNE SINE GARANTIFORPLIKTELSEAR 31.12.....	47
NOTE 4 - AKSJAR OG ANDELAR I SELSKAP .....	48
NOTE 5 – PENSJON 2020 .....	48
NOTE 6 – SAMLET ETTERKALKYE 2020.....	49
NOTE 8 – FOND 31.12.....	51
NOTE 9 – LÅNEGJELD .....	51
NOTE 10 – VARIGE DRIFTSMIDLER SPESIFISERT PÅ ANTALL AVSKRIVINGSÅR.....	51
NOTE 11 – BEREKNING AV MINIMUMSAVDRAG .....	51
NOTE 12 – UTLÅN .....	52
NOTE 13 – ENDRING REGNSKAPSPRINSIPP BELASTET LIKVIDITETSRESERVE.....	52
NOTE 14 – INNSKOT – PLASSERINGAR – GJELDSPORTEFØLJE.....	53
NOTE 15 – GODTGJERSLE REVISOR .....	53
NOTE 16 – YTTELSER TIL LEDENDE PERSONER .....	54
NOTE 17 – BESKRIVELSE AV REGNSKAPS PRINSIPPER .....	54

# Årsmelding for 2020

## Innleiing

Kommunedirektøren i Åmli kommune legg med dette fram årsrapport med rekneskap og årsmelding for 2020 som eit samla dokument.

Dokumentet skal ivaretake dei krav kommunelova set i høve til rapporteringa til kommunestyre. Rapporten skal gi opplysningar om forhold som er viktige for å vurdere kommunen sin økonomiske stilling og resultat.

Årsrekneskapen skal omfatte alle økonomiske midlar som vert disponert, og bruk av midlane.

Kommunestyret skal sjølv vedta årsrekneskapen etter tilråding frå formannskapet.

Det er krav i kommunelova § 14-7 om rapportering av forhold av vesentlig verdi for kommunen, omtale av tiltak for å sikre høg etisk standard – og arbeid for å fremje miljø og likestilling på alle område i kommunen.

Slik kommunedirektøren ser det vert desse lovkrava ivareteke i dette felles dokumentet.

## ØKONOMISK RESULTAT

Det er innført ny forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsrekneskap og årsmelding for kommunar og fylkeskommunar m.v. gjeldande frå 01.01.20.

Rekneskapen for 2020 er avslutta i tråd med ovannemnde forskrift.

## Driftsrekneskapen

Netto driftsresultat skal i utgangspunktet vise forskjellen mellom kommunen sine inntekter og utgifter gjennom året i motsetnad til rekneskapsmessig meir- eller mindreforbruk (botnlinja) som måler økonomisk avvik sett i høve til eit budsjett i balanse.

Rekneskapsført netto driftsresultat for rekneskapsåret 2020 er positivt og utgjer kr 14,868 mill. Netto driftsresultat i 2019 var kr 4,667 mill.

Netto driftsresultat utgjer 6,7 % av brutto driftsinntekter i 2020. I 2019 utgjorde netto driftsresultat 2,22 % av brutto driftsinntekter.

Kommunaldepartementet sine føringar er at måltalet minst skal utgjer 1,75 % av sum driftsinntekter.

Dersom driftsrekneskapen viser eit mindreforbruk etter at disposisjonane i rekneskapsforskrifta § 4-1 er gjennomført, skal mindreforbruket i tråd med

rekneskapsforskrifta § 4-3 reduserast så mykje som mogleg ved å stryke bruk av disposisjonsfond.

Dersom rekneskapen fortsatt viser eit mindreforbruk etter strykningane, skal mindreforbruket dekke inn eventuelle tidlegare års meirforbruk. Eit mindreforbruk som ikkje dekker inn eit meirforbruk, som er tilfellet for Åmli, skal avsettast til disposisjonsfond.

Etter avsetninger til disposisjonsfond leggast rekneskapen fram med eit resultat i kr 0,- sett i forhold til budsjett. Driftsrekneskapen for 2019 vart avslutta med eit rekneskaps messig mindreforbruk på kr 5,399 mill. sett i forhold til budsjett, men då etter andre rekneskapsprinsipp.

Kommunen har netto sett av kr 18,6 mill. til disposisjonsfond, medan det vart budsjettert med netto bruk på 2,3 mill.

Endring i kommunen sin økonomiske handlefridom må vurderast mot endring i disposisjonsfond under eigenkapitalen i balansen, alternativt netto bruk/avsetning til disposisjonsfond i driftsrekneskapen.

Tenesteområda har samla sett eit mindreforbruk i høve til revidert budsjett på kr 13,2 mill. jfr. Bevilgningsoversikt drift B.

Dette syner god budsjettdisiplin og god økonomisk kontroll totalt sett for kommunen. Likevel er det grunn til å understreke at rekneskapsåret 2020, slik ein ser det, langt frå har vore eit «normalår» og ein kan ikkje forvente ein slik økonomiske situasjonen frametter. Dette skuldast den pågående pandemien og dei økonomiske konsekvensane som følgje av den sett i forhold til situasjonen i kommunen.

Hovudforklaringane til resultatet skuldast følgjande mindreutgifter/meirinntekter sett i forhold til budsjett;

Pensjon kr 3,9 mill., lønsoppgjer kr 1,35 mill., renteutgifter kr 0,8 mill., sjukepengar kr 2,9 mill., redusert vikarbruk kr 0,6 mill. og skatt og rammetilskot kr 1,7 mill.

Kommunane fekk i 2020 tilført store bevillingar frå staten til å dekke meirkostnader kring handtering av covid-19 pandemien.

Åmli kommune har, i likehet med andre kommunar, hatt mykje arbeid kring pandemien. Vi har likevel hatt svært få smittetilfelle.

Totalt sett har ikkje pandemien vore ein økonomisk belastning for kommunen.

## Investeringsrekneskaperen

Investeringsrekneskaperen er gjort opp i balanse mellom utgifter og inntekter.

Av totalt finansieringsbehov på kr 9,9 mill. er kr 3,7 mill. finansiert med låneopptak.

Investeringsprosjekta kan gå over meir enn eit rekneskapsår og det kan difor vere til dels store avvik mellom budsjett og rekneskap. I all hovudsak er prosjekta gjennomført i.h.h.t vedteke budsjetttrammer og investeringsrekneskaperen leggast fram i balanse.

## Nærare om kommunen sin økonomiske stilling pr. 31.12

### Fond

For å ivaretake ein viss økonomisk handlefridom, bør kommunen ha frie driftsfond av ein viss størrelse for å kunne møte endra føresetnader kring drifta. Rekneskapsmessig meir-/mindreforbruk frå tidlegare år bør og takast med i vurderinga av frie fond pr. 31.12.

Frie fond knytt til drift pr. 1. januar 2020 utgjorde kr 37,7 mill. (disposisjonsfond + akkumulert mindreforbruk, medan tilsvarande saldo pr. 31.desember 2020 er positiv med kr 50,69 mill. Dei frie midla til kommunen er dermed styrka med kr 13 mill. frå 2019 til 2020.

Ved utgangen av 2020 utgjer netto balanseført premieavvik kr 11,67 mill. (kr 11,1 mill. i 2019)

Akkumulert premieavvik i balansen skal utgiftsførast i kommunen sitt driftsrekneskap over eit visst tidsintervall alt avhengig av når tid premieavviket oppstod. Amortiseringstida for premieavviket har blitt redusert frå opprinnelig 15 år til 7 år. Dette fører til at tilbakeføring av akkumulert premieavvik vil skje over kortare tid, og med høgare beløp pr. år. Konsekvensen er auka åreg belastning i kommunen sin driftsrekneskap dei komande åra.

Når kommunen ikkje har sett av midlar til fond for å dekke denne plikta i rekneskapen, må disposisjonsfonda korrigeraast for netto balanseført premieavvik for å kunne synleggjere kommunen sin faktiske økonomiske handlefridom. Resultatet vert då at kommunen sine frie fond utgjer kr 39 mill. ved utgangen av 2020. Korrigert for premieavviket utgjorde dei frie fonda kr 26,6 mill. i 2019. Kommunen sin handlefridom har dermed auka med kr 12,4 mill. frå 2019 til 2020.

### Gjeld

Ved utgangen av 2020 var kommunen si netto lånegjeld, knytt til investeringar, kr 164,1 mill. mot kr

167,2 mill. i 2019. Ubrukte lånemidlar auka frå kr 8,4 mill. til 12,4 mill.

Åmli kommune må framleis bruke ein forholdsvis stor del av driftsinntektene til å dekke renter og avdrag i åra som kjem når planlagde investeringar er gjennomført.

Gjeldsgraden til kommunen målast med forholdstalet mellom netto lånegjeld og driftsinntektene til kommunen.

Driftsinntektene var kr 222 mill. i 2020. Dette gir ein gjeldsgrad på 73,9 % mot ein gjeldsgrad på 79,5 % i 2019.

### Likviditet

Kommunelova krev at kommunane skal ha midlar nok til å dekke sine betalingsplikter ved forfall.

Likviditet vert målt ved å sjå på forholdet mellom balanseførte verdiar for omløpsmidlar (kortsiktige fordringar, omløpsaksjar, samt kasse og bankkonti) og kortsiktig gjeld. Basert på kommunens balanseførte verdiar pr. 31.12.20 utgjer forholdstalet 3,26 (2,87 i 2019)

Anbefalt forholdstal er 1.

I kommunen sin bankbeholdning finst midlar som er tilført gjennom låneopptak til investeringsformål. Slike ubrukte lånemidlar bør ikkje telles som drifts-likviditet. For å få eit meir korrekt bilet, bør ein justere kontantbeholdninga for desse ubrukte låne-midla.

Basert på justerte verdiar endrast forholdstalet til 2,8 i 2020 mot 2,5 i 2019.

Ein kan, ut frå totalbilete, konkludere med at kommunen sin økonomiske situasjon er god - og er styrka sett i forhold til 2019.

## Kommunen som verksemد

ÅRSVERK PR. 31.12.2020

Eining	Kvinner	Menn	Sum årsverk
Administrativ stab og støtte	5,5	2,5	8
Oppvekst	45,56	10,5	56,06
Helse og omsorg	48,31	3,3	51,61
Habilitering og ressurs	20,38	2,89	23,27
Samfunn	9,87	14,45	24,32
<b>Sum årsverk</b>	<b>129,62</b>	<b>33,64</b>	<b>163,26</b>

Årsverk og fordeling på kvinner og menn er henta ut fra kommunen sine lønsdata. Tala vil ikkje vere 100% riktig då både ein fast tilsett som har gått på sjukeløn/løna permisjon og vikar kan vere med i berekningsgrunnlaget. Sentrale personalregister, som til dømes PAI-registeret til Kommunenes Sentralforbund, vil innehalde dei same små feilmarginane.

Kommunen har også bytta blant anna løns- og rapporteringsløysinger i 2020 og rapportane kan avvike frå tidlegare år. Alt tydar på at rapportane er meir korrekte no i dei nye systema.

## ALDERSSAMANSETNING PR. 31.12.2020:

Eining	Under 20 år	20-29	30-39	40-49	50-59	60-69	Sum tilsette
Administrativ stab og støtte	0	0	0	4	2	4	10
Oppvekst	0	5	15	17	21	6	64
Helse- og omsorg	0	11	16	20	13	7	67
Habilitering og ressurs	0	6	5	13	4	2	30
Samfunn	0	0	4	7	9	8	28
<b>SUM</b>	<b>0</b>	<b>22</b>	<b>40</b>	<b>61</b>	<b>49</b>	<b>27</b>	<b>199</b>

Hovudtyngda tilsette ligg i aldersgruppa 40-49 år og 50-59 år.

## NÆRVÆR/OPPFØLGING AV SJUKEFRÅVÆR

År	Kvinner	Menn	Totalt
2012	8,79	3,67	7,49
2013	10,21	2,24	8,85
2014	10,34	6,21	9,37
2015	12,61	3,41	10,44
2016	8,36	5,92	7,80
2017	7,59	4,57	6,92
2018	10,58	3,70	9,05
2019	8,86	5,87	8,22
2020	11,30	4,12	9,76

I perioden 2016 til 2020 har det vore fokus på å ha tett oppfølging på arbeidsplassen i høve til tilsette som står i fare for å gå ut i sjukmelding og tilsette som er sjukmelde. Fråveret har auka i 2020 og det skyldast også at Covid-19 pandemien har ført til eit auka korttidsfravær og at tilsette skal vere heime ved luftvegsymptomar.

## OPPLÆRING HMSK OG AVVIKSHANDTERING (QM+):

Dette er viktige tiltak for å sikre gode rutinar og arbeidstilhøve for tilsette. Sjå eige punkt om Internkontroll for nærmere kommentarar.

## LÆRLINGER:

Kommunen har i 2020 hatt 7 lærlingar. Seks i barne- og ungdomsarbeidar-faget og ein i kontor- og adm.faget.

Dei sentrale partar i arbeidslivet, både offentleg og privat sektor, har utarbeida ein samfunnskontrakt der det ligg ei målsetting om at kommunane aukar antal lærlingar mot måltal om å ha tri lærlingar pr. 1.000 innbyggjarar.

Denne føringa ligg og i intensjonsavtalen med fylkeskommunen frå 2019.

Utfordringa er at det ikkje er nok læreplassar å tilby elevane etter fullført VG2. Eit lærlingløp går over 4 år (2 år i skule og 2 år i lærebodrift).

Fylkeskommunen må opprette eigne VG3-klassar for dei som har krav og ikkje får læreplass. Det er ei därleg løysing då det ikkje er tvil om at lærlingar som går eit 4-årig løp får ei betre kvalitet på utdanninga enn dei elevane som bare går eit 3-årig løp før oppmelding til fagprøve.

## SOMMARJOBB FOR SKULEUNGDOM:

Åmli kommune har i mange år hatt eit tilbod om sommarjobb for skuleungdom som bur i kommunen. Tilboden går ut til alle 17-åringar og dei kan velje om dei vil ha to veker sommarjobb i kommunen eller i privat bedrift. I 2020 var det 14 ungdomar som nyttar tilboden. 12 i kommunen og 2 i private verksemd.

## INTERNKONTROLL

KS har definert "Rådmannens internkontroll – orden i eget hus" med følgjande hensikt og mål for internkontroll:

- Kvalitet og effektivitet i tenesteproduksjonen
- Heilhetleg styring og riktig utvikling
- Godt omdømme og legitimitet
- Etterleving av lov og regelverk

Kommunedirektøren har kontinuerleg fokus på arbeidet med å forbetre system for styring av verksemda og internkontroll både når det gjelder tenestekvalitet og HMS. Kommunedirektøren har ansvar for at vedteke styringsdokument blir fulgt opp i organisasjonen, og at kommunen leverer tenester av riktig kvalitet til brukarar og innbyggjarar. Etter kommunelova skal kommunedirektøren syte for at administrasjonen drivast i samsvar med lovar, forskrifter og overordna instruksar, og er gjenstand for tryggjande kontroll. Kommunedirektørens interne kontroll skjer i forlenginga av kommunestyrets tilsyn (kontrollutval og revisjon) og statens tilsyn med kommunane, jf. 5.4.2.

Einingsleiarar har ansvar for å etablere, og følje opp, den interne kontrollen i samsvar med delegerte fullmakter.

Det er i tillegg fastsatt særskilde internkontrollkrav innan ei rekke område av kommunens verksemd.

## TIHLYN FRÅ EKSTERNE AKTØRAR

I tillegg til rådmannens egen internkontroll, er det fleire eksterne aktørar som fører tilsyn med kommunen.

I 2020 har kommunen hatt føljande tilsyn:

Kven	Type tilsyn
Fylkesmannen	Tilsyn i form av undersøkelse - Tilgjengelighet sosiale tjenester i NAV  Tilsynsstyrte egenvurdering - Åmli kommunes vurdering av egen praksis på området tvungen somatisk helsehjelp  Tilsynssak – Klage på tjenestetilbuddet ved ÅPOS
Mattilsynet	Ingen
Arbeidstilsynet	Ingen
Østre Agder Brannvesen	Ingen
Agder Energi	Ingen
Arbeidstilsynet	Postalt tilsyn – Håndtering av asbest

## TIHLYN FRÅ ÅMLI KOMMUNE

Ikke ført tilsyn fra Åmli kommune i 2020.

## BEREDSKAP

Den overordna Beredskapsplanen blei vedteke av kommunestyret i 2015 og reviderast fortløpende ved administrative endringar og etter øvelsar/hendingar.

Administrativ stab og støtte, ved beredskapskoordinator, har oppfølgingsansvaret med kommunens arbeid med samfunnssikkerheit og beredskap. Kommunedirektøren er kommunens beredskapsansvarlege og leiar for administrativ stab og støtte er leiar av kommunal kriseleiing.

Den einkilde einingsleiar har delegert ansvar for beredskap for eigne tenesteområder.

Krisehandtering skjer etter følgjande fire hovudprinsipp:

**ANSVAR** - Den myndigkeit med det daglige ansvaret, har ansvar og i ei krise

**LIKHET** - Organiseringa i krise skal vere mest mogleg lik dagleg organisering

**NÆRHET** - Ei krise skal handteras på lågast mogleg nivå

**SAMVIRKE** - Alle verksemder har eit sjølvstendig ansvar for å sikre best mogleg samvirke med relevante aktørar i arbeidet med førebygging, beredskap og krisehandtering

Krisehandtering er summen av tiltak som settast i verk for å avgrense ei skade og bringe krisa til opphør.

## Opplæring

Det er gitt opplæring i:

- Loggføring og situasjonsrapportskriving i DSB sitt CIM (elektronisk krisestøtteverktøy) med Cim-loggføringsteam.
- Bruk av innbyggjarvarsling «Varsling24».
- TISK strategi, fleire webinarar frå FHI.
- Smittesporing webopplæring.

## Øvingar

- Øvelse med Kriseledelsen i håndtering av smitteutbrudd Covid-19
- Nokre av einingane har gjennomført brannøvingar og nokre har gjennomført førstehjelpskurs / øvingar.

## Hendelser i 2020 – beredskapsaktivitet

- Beredskapskoordinator er medlem av beredskapsforum Østre Agder som har 4 møtar i året.(Alle beredskapskoordinatorene frå Østre Agder møter). Nokre møte har vore på teams og eit møte har vore fysisk i 2020.
- 12. mars covid-19 langvarig hending pandemi som har ført med seg mykje arbeid i kommunen med oppfølging av retningsliner og krav til kommunen frå nasjonale myndigheter. Desse har vore endra ei rekke gonger i løpet av året.
- Kriseleiinga har fast møte ein gong i veka og elles møte ved behov.
- Ressursgruppe smittevern har fast møte ein gong i veka.
- Statusrapportering på heilskapsituasjonen i kommunen til Statsforvaltaren ei gong i veka.
- Rapportering av lageret med smittevernmaterial i kommunen ei gong i veka til sentrale myndigheter.
- Deltaking i Statsforvaltarens ukentlege møte med kommuneoverlegar og Helse og omsorgs leiinga i kommunane i Agder.
- Deltaking i Statsforvaltarens tverrsektorielle statusmøte for kommunane i Agder
- Halvvegs evaluering av kriseleiinga sitt arbeid med pandemien covid-19
- Utarbeiding av Koronavaksinasjonsplan.
- Ulykke/ hendelse i privat selskap – håndtert av psykososialt kriseteam
- Oljeutslipp ved Åmli kraftstasjon – informasjon til kommunen og statsforvalteren

Siste fredag i hver måned lader satelitelefonene og nødnetradioene samt sikringsradioen

## INFORMASJONSSIKKERHET

På ansattportalen ligg eit eige nettcurso i personvern. Sikkerheitsansvarlege i kommunane er i eit fagleg nettverk kalla sikkerheitsforum i IKT Agder kommunane. Dei har hatt 5 møte i 2020. Sikkerheitsforum driv kontinuerleg med følgjande aktivitetar:

- Erfaringsdeling og kompetanseheving
- Felles arbeid/råd/tips om korleis gjennomføre og implementere endringar i eigen organisasjon
- Monitorering av endringar i lovverk, rammevilkår og vedtak frå Datatilsynet
- Felles handtering/samlande vurderingar av større avvik
- Førebyggande arbeid i pågående prosesser

- Fortlopende oppdateringer frå IKT-Agder/KS/NSM ift. Cybersikkerhet og trusselbilde.
- Svare ut bestillingar frå rådmannsutvalet
- Overlevere samlande og kvalitetssikra råd og anbefalingar til rådmannsutvalet.

Det aller viktigaste for tilsette er å være bevisste på kva personopplysningar er, kva for personopplysningar du behandlar, og kva for system du gjer det i.

## LIKESTILLING

I Åmli har hovudfokus for likestillingsarbeidet i 2020 vore:

- Reduksjon av sjukefråvær, som er størst i kvinnedominerte yrker.
- Kommunen arbeider målretta for å redusere talet på deltidsstillingar og auke størrelsen på stillingar og utjamne lønsforskjellar.

I kommunen si leiargruppe er det 2 kvinner og 5 menn.

## Andel tilsette heiltid (100% stilling) pr 31.12.20:

Eining	2018	2019	2020
Administrativ stab og støtte	60%	67%	60%
Oppvekst	58%	56,61%	59,37%
Helse- og omsorg	29%	27,18%	28,3%
Habilitering og ressurs	46%	37,03%	50%
Samfunn	58%	65,38%	71,42%

Tabellen syner at det særleg er Helse og velferd som har få tilsette i 100% stilling. Andelen som arbeidar heiltid har størst auka i eininga Habilitering og ressurs.

Utfordringa også på landsplan er at det er særleg innan pleie- og omsorgssektoren det er mange deltidstilsette.

## HEIDER TIL KOMMUNALT TILSETTE

25 år teneste: Arnhild Smeland, Turid Karoline Mo, Jorunn Dahl og Elin Hushovd.

40 års teneste: Inge Kristoffer Vimme



Bak f.v.: samfunnsleiar Yngvar Mjåland, kommunedirektør Christina Ødegård, oppvekstleiar Tore Flottorp og ordførar Bjørn Gunnar Baas. Framme f.v. Inge Kristoffer Vimme, Elin Hushovd, Jorunn Dahl og Turid Karoline Mo. Arnhild Smeland var ikkje til stades.

## ARBEIDSMILJØ OG YTRE MILJØ

Åmli kommune arbeider systematisk og breitt for å sikre eit godt arbeidsmiljø.

I det systematiske arbeidet med å sikre eit godt arbeidsmiljø ligg kontinuerleg registrering og oppfølging av sjukefråver, vernerundar, medarbeidarsamtalar, arbeidsplassvurdering, avviksrapportering og medarbeidarundersøking.

I 2020 vart det gjennomført ei medarbeiderundersøking kalla «klimasjejk» på Åmli skule og på Dølemo. Det vart arbeidd med tiltak saman med dei tilsette og tillitsvalte etter undersøkinga.

Det vart gjennomført vernerundar etter plan i einingane i 2020.

Åmli kommune har eit eige Arbeidsmiljøutval, AMU, med representantar frå arbeidsgjever og tillitsvalte. Hovudverneombodet har vore leiar av utvalet i 2020.

I høve til det ytre miljø er det fokus på å sikre god kvalitet på alle vasskjelder og anna arbeid for å hindre forureining.

## Folkevalde

### POLITISK ORGANISERING

Prinsippet i organiseringa er at alle ikkje lovbestemte utval vert nedlagt og at sakene går direkte frå administrasjonen til kommunestyret. Unntak for dette er saker som gjennom lov-/avtalebestemte skal gå via utval før behandling i kommunestyret. Det vil gjelde økonomisaker i formannskapet, arbeidsgjevarsaker i administrasjonsutvalet og plansaker i planutvalet. Saker i alle dei andre lovbestemte utvala stopper normalt i utvalet etter særlov.

Organiseringa bygger på at formannskapet sine medlem er klageutval, planutval, valstyre og arbeidsgjevarsida i administrasjonsutvalet

Organ	Lovpålagte oppgåver
<b>Kommunestyre</b> (kommuneloven § 5-1)	Kommunestyre er kommunens øverste kommunale organ og treffer vedtak på vegne av kommunen så langt ikke annet følger av lov eller delegasjonsvedtak.
<b>Formannskap</b> (kommuneloven § 5-6)	Formannskapet har lovstående oppgaver etter kommuneloven, deriblant oppgaven som økonomiutvalg. Utover dette treffer formannskapet vedtak i saker som kommunestyre har delegert til formannskapet.
<b>Kommunalt klageorgan</b> (forvaltningsloven §28)	Utvalget er personidentisk med formannskapet. Utvalget behandler klager på enkeltvedtak som er fattet i kommunale organer, der ikke særlover konkret angir en annen saksbehandling. Forvaltningslovens regler er gjeldende for utvalget.
<b>Planutvalg</b> (kommuneloven § 5-7)	Planutvalget er ett fast utvalg oppnevnt i kommunelovens §10. Utvalget er personidentisk med formannskapet.
<b>Administrasjonsutvalg</b> (kommuneloven § 5-11)	Kommunens partssammensatte utvalg for behandling av saker som gjelder forhold mellom kommunen som arbeidsgiver og de ansatte.
<b>Arbeidsmiljøutvalg</b> (arbeidsmiljøloven §7-1)	Arbeidsmiljøloven § 7.
<b>Forhandlingsutvalg</b>	Forhandlingsutvalget er ett politisk sammensatt utvalg med tre medlemmer. Utvalget skal gjennomføre lønnsforhandlinger etter hovedtariffavtalen der slik myndighet ikke er delegert til kommunedirektøren. I samsvar med kap. 3 i Hovedtariff-avtalen har forhandlingsutvalget myndighet til å forhandle og inngå bindende protokoll ved lokale lønnsforhandlinger for rådmannen og enhetsledere.
<b>Kontrollutvalg</b> (kommuneloven § 23-1)	Organet skal føre tilsyn med kommunens forvaltning. Utvalget velges av kommunestyret.
<b>Rådet for eldre og mennesker med nedsatt funksjonsevne</b> (kommuneloven § 5-12)	Åmli kommune har gjort vedtak om å slå sammen eldrerådet og rådet for funksjonshemma. Rådet skal gi uttalelser i alle saker som kommunen arbeider med som er av betydning for disse gruppene. Utvalget velges av kommunestyret.
<b>Ungdomsråd</b> (kommuneloven § 5-12)	Ungdomsrådet eller annet medvirkningsorgan for ungdom skal ha en valgperiode på inntil to år. Medlemmene skal på valgtidspunktet ikke ha fylt 19 år. Utvalget velges av kommunestyret
<b>Valgstyre</b> (valgløven §4-1)	Valgstyret blir valgt av kommunestyre
<b>Forliksråd</b> (domstolloven §27)	Kommunen velger ett forliksråd på 3 medlemmer med varamedlemmer.
<b>Sakkyndig nemnd - eiendomsskatt</b> (eiendomsskatteloven § 8A-3)	Nemnda skal taksere eiendommene i kommunen.
<b>Sakkyndig ankenemnd – eiendomsskatt</b>	Nemnda skal behandle klager på takseringen som ikke blir tatt til følge av sakkyndig nemnd.

## MØTEAKTIVITET I DEI FASTE POLITISKE ORGANNA

År	2017		2018		2019		2020	
	Utval	Møte	Saker	Møte	Saker	Møte	Saker	Møte
Kommunestyret	8	148	10	143	11*	142	9	101
Formannskapet	7	106	9	74	9	60	9	64
Planutvalet	6	29	8	31	8	67	9	27
Klageutvalet	1	1	1	2	0	0	2	3
Valstyret	1	2	0	0	2	7	0	0
Administrasjonsutvalet	6	45	9	34	4	22	8	12
Arbeidsmiljøutvalet	4	20	6	22	5	15	6	14
Kontrollutvalet	5	35	5	36	4	34	4	38
Ungdomsrådet	7	33	5	16	2	8	7	15
Rådet for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne	6	37	9	34	4	20	5	26

\* inkludert orienteringsmøte budsjett



**Kommunestyret 2019-2023**

Frå venstre:

Viggo Hansen (KrF), Sveinung Seljås (KrF), Ole Kristian Nylund (SP), Liv Mona Føreland (SP), Tellef Olstad (SP), Olav Eppeland Føreland (SP), Jørund Smeland (SP), Geir Håland Moe (SP), Rakel Birkeli Søraker (SP), Bjørn Gunnar Baas (SP), Hans Fredrik Tangen (H), John Lien (AP), Anja Mogensen Mølmen (SP), Aslak Askland (H), Hilde Hansen Smeland (AP), Reidar Saga (AP), Kari-Anne Håland Moe (AP).

Foto: Tvedestrandsposten

## ØKONOMISK RESULTAT

Driftsbudsjettet for 2020 for kommunestyre, formannskap m.m., andre utval, ungdomsråd, kontrollutval og lokal partistøtte blei vedteke med ei ramme på totalt kr 2.403 120,-.

Regneskapstal for 2020 syner eit mindreforbruk på kr 347 846,- totalt for desse tenestene.

**VEDTAK FATTA I KOMMUNESTYRET 2019, MED STATUS UNDER BEHANDLING (UB)**

Saksnr.	Møtedato	Tittel på saka	Ansvarleg avdeling	Status	UB	AV
19/27	21.03.2019	Salg av kommunale boliger for ordinært utleie.	SAMF			X
19/87	31.10.2019	Salg av ordinære utleieboliger	SAMF	Et bygg er ikke solgt	X	
19/88	31.10.2019	Transport av utbyggingsavtale for Negardskleiva	SAMF			X
19/91	31.10.2019	Valg av representanter til rådet for eldre og mennesker med nedsatt funksjonsevne (REF) for perioden 2019 - 2023	STAB			X
19/126	19.12.2019	Gjennomgang av organisering og ressursbruk helse og omsorg	HEVE		X	
19/133	19.12.2019	Nytt Høgdebasseng Børtinghus	SAMF	Prosjektering påbegynt	X	
19/134	19.12.2019	Tilstandsvurdering og rehabiliteringsplan Åmli renseanlegg.	SAMF	Prosjektering påbegynt	X	
19/135	19.12.2019	Uteområdet Åmli skule og DOS	SAMF	DOS er ferdigstilt	X	
19/136	19.12.2019	Nærmiljøanlegg i kommunale boligfelt	SAMF		X	
19/138	19.12.2019	Utredning av tiltak for myke trafikanter på Simonstad	SAMF	Reguleringsplan ferdigstilles i 2021	X	
19/139	19.12.2019	Kjøp av grunn næringsområde Simonstad	SAMF	Tilpasses overordnet prosjektfremdrift	X	

**STATUS PÅ VEDTAK FATTA I KOMMUNESTYRET 2020**

Saksnr.	Møtedato	Tittel på saka	Ansvarleg eining	Under behandling	Avslutta
20/1	27.02.2020	Godkjenning av kommuneplan 2019 - 2031 arealdel	SAMF		X
20/2	27.02.2020	Godkjenning av samfunnssdel kommuneplan Åmli 2019 - 2031	SAMF		X
20/3	27.02.2020	Revidering av trafikksikringsplan 2020 - 2023	SAMF		X
20/4	27.02.2020	Ny behandling - Valg av representant til Setesdal Austhei Villreinnemnd	SAMF		X
20/5	27.02.2020	Utgreiling av ordning med kommunal kontantstøtte	OPPV		X
20/6	27.02.2020	Forskrift om skulerute for grunnskulen i Åmli skuleåra 2020/2021, 2021/2022 og 2022/2023.	OPPV		X
20/7	27.02.2020	Utvidelse av barnehageplasser i Klokkgarden barnehage fra 2020.	OPPV		X
20/8	27.02.2020	Åmli frivilligentral, videre drift fra 2021	HARE		X
20/9	27.02.2020	Fargerik fest - videre drift	OPPV		X
20/10	27.02.2020	Søknad om fritak frå verv som medlem i museumsnemnda for perioden 2019-2023 - Magnhild Peggy E. Jones Gilje	STAB		X
20/11	27.02.2020	Revisjon av delegasjonreglementet	RÅD		X
20/12	27.02.2020	Trepartssamarbeid i Åmli kommune	RÅD		X
20/13	27.02.2020	Sammenslåing av Proflex AS og Durapart AS	RÅD		X
20/14	27.02.2020	Godkjenning av selskapsavtale Aust-Agder Revisjon IKS	RÅD		X
20/15	26.03.2020	Bevilling for salg av alkohol - Dølemo Handel AS	STAB		X
20/16	26.03.2020	Handlingsprogram for fylkesveger i Aust-Agder 2021-2024	SAMF		X
20/17	26.03.2020	Innspill til handlingsprogram for Regionplan Agder 2030 - fullmakt til administrasjonen	OPPV		X
20/18	14.05.2020	Valg av nytt medlem til kontrollutvalget for perioden 2020-2023	STAB		X
20/19	14.05.2020	Lovlighetskontroll av kommunestyrets vedtak 31.10.2019 - valg av formannskap 2019-2023	STAB		X
20/20	14.05.2020	Valg av representanter til råd for eldre og menneske med funksjonsnedsettelse (REF) for perioden 2020-2023	STAB		X
20/21	14.05.2020	Medeierskap i Agder Arbeidsmiljø IKS - bedriftshelsestjeneste	STAB		X
20/22	14.05.2020	Tilstandsrapport Åmli skule 2019	OPPV		X

Saksnr.	Møtedato	Tittel på saka	Ansvarleg eining	Under behandling	Avslutta
20/23	14.05.2020	Revisjon av alkoholpolitiske retningslinjer for Åmli kommune	STAB		X
20/24	14.05.2020	Ny bevilningsperiode for skjenking og salg av alkohol - 01.10.2020-30.09.2024	STAB		X
20/25	14.05.2020	Utredning av differensiering av gebyrer for vann og avløp - Åmli kommune.	SAMF	X	
20/26	14.05.2020	Bevilgning til reguleringsplanarbeid for forlenging av turveg med sykkelstandard mellom Krossbekk og Seljås	SAMF	X	
20/27	14.05.2020	Tilleggsbevilgning til badeparken på Engenes	SAMF		X
20/28	14.05.2020	Økonomisk ramme for sponsorstøtte	RÅD		X
20/29	18.06.2020	Valg av meddommere til tingretten for perioden 2021-2024	STAB		X
20/30	18.06.2020	Valg av meddommere til lagmannsretten for perioden 2021-2024	STAB		X
20/31	18.06.2020	Valg av meddommere til jordskifteretten for perioden 2021-2024	STAB		X
20/32	18.06.2020	Valg av skjønnsmedlem for perioden 2021-2024	STAB		X
20/33	18.06.2020	Godkjenning av reguleringsplan Vikstøy hyttegrend - gnr 24 bnr 66	SAMF		X
20/34	18.06.2020	Godkjenning av reguleringsplan Hestedalsfjellet hyttegrend	SAMF		X
20/35	18.06.2020	Høringsuttalelse - Tillatelse til bruk av snøskuter til hytte (oppheving av 2,5 km-grense mm.)	SAMF		X
20/36	18.06.2020	Utvidelse av boligmasse i tilknytning til tjenester for utviklingshemma - Bevilgning og oppstart	SAMF	X	
20/37	18.06.2020	AKSON - Felles kommunal pasientjournal og helhetlig samhandling - Intensjonserklæring Åmli kommune	HEOM		X
20/38	18.06.2020	Reviderte retningslinjer for råd for eldre og menneske med funksjonsnedsettelse	STAB		X
20/39	18.06.2020	Forslag til samarbeidsavtale for Østre Agder IPR (Interkommunalt Politisk Råd)	RÅD		X
20/40	18.06.2020	Tittel på kommunenes øverste administrative leder	RÅD		
20/41	18.06.2020	Budsjettpregulering 1. tertial 2020	STAB		X
20/42	18.06.2020	Godkjenning av rekneskapen for Åmli kommune 2019	STAB		X
20/43	18.06.2020	Godkjenning av Åmli kommune sin årsberetning 2019	RÅD		X
20/44	24.09.2020	Klage på avslått søknad fra Kai Olav Tveit om tillatelse til skadefelling av bever på gnr 1 / bnr 4	SAMF		X
20/45	24.09.2020	Kjøp av privat grunn - del av 42/17 i Åmli	SAMF		X
20/46	24.09.2020	Overføring av regnskapsførselen for Regionalt næringsfond for Østregionen til AKST	SAMF		X
20/47	24.09.2020	Plan for friluftslivets ferdssærer - samarbeid mellom Åmli og Froland kommune	SAMF	X	
20/48	24.09.2020	Kulturminneplan for Åmli kommune 2020-2024	SAMF		X
20/49	24.09.2020	Forslag til nytt delegasjonsreglement	KD Kommunedir.		X
20/50	24.09.2020	Oversikt dokument folkehelse Åmli kommune 2020 - 2023	STAB		X
20/51	24.09.2020	Felles forliksråd for kommunene i Østre Agder for perioden 1.1.2021-31.12.2024	STAB		X
20/52	24.09.2020	Protokoll, og eventuell direkteoverføring, fra møtene i planutval og formannskap	STAB		X
20/53	24.09.2020	Rapport fra selskapskontroll Konsesjonskraft IKS - Åmli kommune	STAB		X
20/54	24.09.2020	Forvaltningsrevisjonsrapport «IATA IKS – eierstyring og selvkost» - saken blei behandla før sak 20/44	STAB		X
20/55	24.09.2020	Orientering om flyktningetjenesten i Åmli kommune	STAB		X
20/56	24.09.2020	Årsmelding 2019 for kontrollutvalget i Åmli kommune	STAB		X
20/57	24.09.2020	Forvaltningsrevisjonsrapporten «Sosialtjenesten i Åmli kommune»	STAB		X

Saksnr.	Møtedato	Tittel på saka	Ansvarleg eining	Under behandling	Avslutta
20/58	24.09.2020	Distrikstannklinikken i Åmli - fremstøt for å sikre best mulig tannlegedekning (lagt fram i møtet)	STAB		X
20/59	22.10.2020	Veteranplan for Åmli kommune	HARE		X
20/60	22.10.2020	Valg av representant til styret for Frivillighetssentralen	KD		X
20/61	22.10.2020	Valg/suppleringsvalg til kontrollutvalget 2020 - 2023	STAB		X
20/62	22.10.2020	Kontrollutvalgets sak 21/20 - Forenklete etterlevelseskontroll 2019	STAB		X
20/63	22.10.2020	Kontrollutvalgets sak 23/20 - Budsjett for kontrollutvalgsarbeid og revisjon 2021	STAB		X
20/64	22.10.2020	Søknad om støtte til hjertekomprimeringsmaskin, Lucas 3 - ambulansetjenesten i Åmli	ORD		X
20/65	22.10.2020	Budsjettregulering 2. tertial 2020	STAB		X
20/66	12.11.2020	Strategiplan for gode oppvekstvilkår for barn og unge i Åmli kommune - 2021-2024.	OPPV		X
20/67	12.11.2020	Godkjennung av Planstrategi for Åmli kommune 2020 - 2023	SAMF		X
20/68	12.11.2020	Plassering av ny bolig i tilknytning til tjenester for Utviklingshemma	SAMF		X
20/69	12.11.2020	Delegasjon av myndighet til formannskapet i hastesaker	KD		X
20/70	12.11.2020	Revisjon av kommunedirektørens lederavtale	KD	X	
20/71	12.11.2020	Søknad om permisjon fra politiske verv i perioden desember 2020 - juni 2021 - Anja Mogensen Mørmen	STAB		X
20/72	12.11.2020	Godkjennung av møteplan for politiske møter 2021	STAB		X
20/73	12.11.2020	Fastsetting av valgdager for stortingsvalget 2021	STAB		X
20/74	17.12.2020	Valg av medlemmer til felles forliksråd - 2.gangs behandling	STAB		X
20/75	17.12.2020	Kontrollutvalgets sak 8-20 - Ny selskapsavtale, inntreden Sandefjord kommune	STAB		X
20/76	17.12.2020	Kontrollutvalgets sak 27/20 - Plan for forvalningsrevisjon 2020 - 2023 og plan for eierskapkontroll 2020 - 2023	STAB		X
20/77	17.12.2020	Økonomisk ramme - sponsorstøtte	KD		X
20/78	17.12.2020	Spelemidler 2021 - prioritering fra Åmli kommune	SAMF		X
20/79	17.12.2020	Endring av tilskuddsordning for private veger og overføring av kommunale veger til private 2021	SAMF		X
20/80	17.12.2020	Framlegg til nye vedtekter for SFO og endring av satsar.	OPPV		X
20/81	17.12.2020	3 årig prosjekt - opprettelse av enhet for næring og utvikling	KD		X
20/82	17.12.2020	Salg av Nelaug Skule 2021	SAMF		X
20/83	17.12.2020	Tilbud til lag og organisasjoner om å overta drift av fellesbadning i svømmehallen ved Åmli skule	KD		X
20/84	17.12.2020	Rehabilitering av golv i Åmlihallen	SAMF	X	
20/85	17.12.2020	Dølemo oppvekstsenter - Asfaltering av vei og parkeringsplass 2021	SAMF	X	
20/86	17.12.2020	Heis badebasseng Åmli skole 2021	SAMF	X	
20/87	17.12.2020	Opprusting av uteområdene på Mosberg og Beverborga Barnehage 2021	SAMF	X	
20/88	17.12.2020	Prosjektering VA-ledningsnett; Tilstandsvurdering og prioritering av rehabiliteringstiltak	SAMF	X	
20/89	17.12.2020	Ny forbehandling av råvann ved Nelaug vannverk	SAMF	X	
20/90	17.12.2020	Ny redskapsbod på toppen 2021	SAMF	X	
20/91	17.12.2020	Garasje/carporth inkludert avfallsbod til Omsorgsboliger i Århuskleiva 2021	SAMF	X	
20/92	17.12.2020	Nytt låsesystem på ÅPOS	SAMF	X	
20/93	17.12.2020	Oppgradering av maskiner og utstyr på teknisk drift 2021	SAMF	X	
20/94	17.12.2020	Økt behov for økte ressurser i hjemmetjenester fra 2021	HEOM		X
20/95	17.12.2020	Fagformyinga – Læremiddel, undervisningsmateriell og digitalt løft i skulen	OPPV		X
20/96	17.12.2020	Reduksjon i timetal 1.-4. klasse Åmli og Dølemo skule	OPPV		X

Saksnr.	Møtedato	Tittel på saka	Ansvarleg eining	Under behandling	Avslutta
20/97	17.12.2020	Samlesak på omdisponering av personell i Åmli kommune fra 2021	STAB	X	
20/98	17.12.2020	Utskriving av eigedomsskatt 2021 - Åmli kommune	STAB		X
20/99	17.12.2020	Samlesak for kommunale gebyr i Åmli 2021	SAMF		X
20/100	17.12.2020	Handlingsprogram og økonomiplan 2021-2024 - Årsbudsjett 2021	STAB		X
20/101	23.12.2020	Ny selskapsavtale Konsesjonskraft IKS 2020-2029	KD		X

**TILTAKSOVERSIKT MED STATUS**

Nr.	TILTAK	UNDER BEHANDLING	AVSLUTTA
<b>Rådmannens stab / Administrativ stab og støtte</b>			
1	Endra kostnadsnøkkel Østre Agder		X
2	IKT-Agder økning utover 2020-nivå		X
3	Skatteoppkreverfunksjon overført til Staten		X
<b>Enhet for oppvekst</b>			
6	Avvikle gratis kjernetid SFO		X
7	Reduksjon i administrasjonsressursar i skulen		X
8	Endring / reduksjon av oppgåver som i dag ligg på flyktning		X
<b>Enhet for helse og omsorg</b>			
11	Inventar helsehuset		X
14	Oppgadering av server sykesignalanlegget ÅPOS	X	
15	Ergoterapeut 60%		X
18	Effektivisering og justering av drift i helse og omsorg	X	
<b>Enhet for habilitering og ressurs</b>			
19	Bemannning 60% helg - tjeneste for funksjonshemmede		X
22	Flyktning 1		X
23	Flyktning 2		X
<b>Enhet for samfunn</b>			
25	Reduksjon av nærings stilling ved samfunn		X
26	Utredning for myke trafikanter på Simonstad	X	
27	Videreføre driftstilskudd nydyrking		X
28	Åmlihallen - bortfall av husleie		X
30	Fortau Negardskleiva til Åmli skule	X	
32	Høgdebasseng Børtinghus	X	
33	Kjøp av grunn næringsområde Simonstad	X	
36	Nærmiljøanlegg i kommunale boligfelt	X	
37	Ombygging/ rehabilitering ÅPOS prisstigning 2019		X
41	Skilt topp 9 kulturturar	X	
43	Tilstandsvurdering og rehabiliteringsplan Åmli RA	X	
45	Åmli skule og DOS. Uteområder.	X	
<b>Kirkelig fellesråd</b>			
46	Prosjektor/varmestyring		X
<b>Skatt, overføringer, renter og avdrag</b>			
47	Eiendomsskatt på bustad og fritidsbustad utan botnfrådrag		X
48	Eigedomsskatt - produksjonsutstyr ut av takst		X
49	Eigedomsskatt kraftanlegg - grunnrenteskatt		X
50	IKT investeringer DDØ		X

Nr.	TILTAK	UNDER BEHANDLING	AVSLUTTA
52	Realvekst rammetilskot		X
53	Redusert bruk av integreringstilskot		X
54	Renter og avdrag på diskonterte lån		X

**Nye Tiltak vedteke i kommunestyret 19.12.2019**

- Tilskudd kyrkjeleg fellesråd aukast
- Auka tilskot Åmli Bygdetun, Grânheia
- Brukabetalig kulturskulen endrast ikkje
- Utstyr Oasen, diverse/kjøkken
- Lydanlegg Elvarheim
- Private reguleringsplanar kr 30 000 pr. plan
- Avsett til disposisjonsfond

## Administrativ stab og støtte

### ORGANISERING

Tenesteområdet omfattar dei sentrale støtte- og stabsfunksjonane.

Dette omfattar mellom anna politisk sekretariat, valarbeid, informasjons- og arkivteneste, heimeside, facebook og ansattportal, økonomiforvaltning, personaladministrasjon, overordna HMSK/internkontroll og beredskapsarbeid, IKT, sal- og skjenkesaker etter alkohollova og saker etter serveringslova m.m.

Folkehelsekoordinator er også i Administrativ stab og støtte.

Fra 2018 blei 50% økonomistilling overført fra Samfunn til Administrativ stab og støtte.

### OVERORDNA MÅL

Administrativ stab og støtte skal på overordna nivå bidra til at einingene når sine mål i høve til økonomistyring og koordinering, personalpolitikk, HSK og beredskaps-arbeid og mellom anna at kommunen har på plass system i høve til arkivlova. Elles at kommunen følgjer opp krav i lov og forskrift på dei same områda.

Overordna mål er ivaretatt i 2020..

### FOKUSOMRÅDE

Fokusområda lista opp under er ivaretatt i 2020. Sjå også kommentarar under dei einskilde punkt.

Fra 2020 har alle kommunar i IKT-Agder samarbeidet hatt den same programvare. Dette har vore ei krevjande oppgåve på få tilsette i staben og arbeidet med opplæring og implementering har halde fram i 1. halvår 2020.

I mars 2020 kom Covid-19 pandemien og mange tilsette i stab og støtte har hatt sentrale oppgåver og roller i kommunen si kriselening. Dette har vore eit krevjande arbeid. Kriseleninga har hatt møte kvar veke frå mars månad og ut heile 2020.

Viktige fokusområde i 2020 har mellom anna vore:

- Nærvær/sjukefråversoppfølging
- Ajourføring av planar i høve til beredskap
- Revisjon av reglement og retningsliner
- Opplæring i HSK og avvikshåndtering (QM+)

- Informasjonstryggleik
- Sommarjobb for skuleungdom
- Fleire IKT-prosjekt har tatt lang tid eller vore sett på vent grunna utfordringar med leveransar frå leverandørar

Fleire av fokusområda som er nemnt ovanfor er kommentert i kapitel om «Kommunen som verksamhet» då dette er fokusområde som gjeld heile eller ein større del av kommunen.

- Koordinering av overordna økonomioppgåver som rekneskapsavslutning, budsjettprosessen (årsbudsjett og økonomiplan) og budsjettregulering.

Dette er viktige og store prosessar for å sikre at Åmli kommune har god økonomistyring. Arbeidet koordinerast av økonomisjefen

- Koordinere og gjennomføre årlege lønsforhandlinger og drøftingar/forhandlingar innan personalområdet med unntak av leiarforhandlingar (HTA kap. 3) Koordinerast av leiar for rådmannens stab og støtte.
- Ros analyser i alle einingar. HSK/beredskapsrådgjevar har laga malar og bistått einingane. Det er framleis nokon einingar som ikkje har gjennomført dette.
- Revisjon av beredskapsplanar i einingane. HSK/beredskapsrådgjevar har laga malar og bistått einingane.
- Utarbeide oversikter på kommunen sine helseutfordringar

### ØKONOMI

Driftsbudsjett for Administrativ stab og støtte blei vedteke med ei ramme på totalt 21.031.402,- kr. (revidert budsjett)

Totalt er det eit mindreforbruk på 3.059.033,- (15%!).

2020 blei eit heilt spesielt år og mykje av innsparingane/mindreforbruk skuldast covid-19 pandemien og verknadar av denne. Avsetnad til lønsoppgjaret i 2020 blei mykje lågare enn budsjettet. Det er særleg på løn og sosiale utgifter (pension og arbeidsgjevaravgift) tala er mykje lågare enn budsjettet i 2020. Det har også vore få fysiske møte i 2020 og både møte og kurs-/opplæring er i stor grad gjennomført digitalt.

## Samfunn

### ORGANISERING

Samfunn er i hovudsak organisert i team. Reinhaldsteamet, drifts- og vedlikehaldsteamet, ingeniørteamet og rådgjevarteamet. Ingeniørteamet omfattar kart- og oppmåling, plan- og byggesak og senioringeniør tekniske fag. Rådgjevarteamet består av kulturrådgjevar, landbruksrådgjevarane og næringsrådgjevar. I tillegg ligg biblioteket og bygdebokforfattar til Samfunn.

Fra 2021 blir tilsette som arbeider innan næring, skog, utmark jord og reiseliv er skild ut som ein eigen eining, med namn «nærings- og utvikling». Føremålet med eininga er å samle tenesteområde som går på næring og utvikling, som del av kommunaleiinga. Eininga vil og ta hand om fleire pågåande prosjekter innan reiseliv, næring og kultur i kommunen, som tidlegare låg under prosjekt etterbruk av Åmli Vgs. og kulturrådgjevar.

### REINHALD

Som følgje av corona blei året ekstra krevjande for reinhalderane. Året vart prega av stadige endringar på reinhaldsrutiner, nokre bygg vart stengde i periodar fordi dei vart tekne ut av bruk, og andre bygg kravde meir reinhald som følgje av auka krav til reinhaldsrutiner.

På slutten av året blei det starta prosess med å gå over til teamorganisering av reinhaldsarbeidet for å bli meir fleksible, og for å få ein arbeidskvardag der ein arbeider mindre aleine.

### TEKNISK FAGOMRÅDE

I løpet av 2020 var det registrert ni vasslekkasjar på det kommunale vassleidningsnettet. Alle lekkasjane var på leidningsnettet i Åmli sentrum.

Det har vore gode resultat på vassprøvane fra dei kommunale vassverka i 2020.

Det blei lagt nytt takbelegg på Århuskleiva høgebasseng våren 2020.

Marmor filtermasse i Gjøv VV blei skifta ut i sommaren 2020.

Nelaug VV har det ikkje vore nokon større drifts utfordringar i 2020. Inntakssila til vassverket blei reingjort i henhold til plan i April månad.

Dei kommunale reinseanlegga har det ikkje vore drifts utfordringar med i 2020. Anlegga reinsar i henhold til reinsekrava. Ved Åmli reinseanlegg blei det gamle ventilasjonsanlegget skifta ut med eit nytt anlegg, der

det blei montert eit kollfilter på utsuft for å redusere lukt frå anlegget.

Ein har utført nødvendig asfaltering og lapping av asfaltdekke på kommunale vegar i Åmli sentrum, Nelaug og på delar av sykkelvegen.

På dei kommunale grusvegane har ein utført nødvendig påkjøring av grus, skraping og utkjøring av støvbindemidel i henhold til driftsbudsjett.

Agder Fylkeskommune har den 01.07.2020 overtatt driftsansvaret for G/S vegen som gjeng opp Århuskleiva i Åmli sentrum.

Det var søkt om tilskott til eit tiltak i henhold til den kommunale Trafikksikringsplanen for Åmli kommune i 2019. Dette var veglys på strekningen Åmfoss bru til Hegna. Åmli kommune fekk støtte frå Aust – Agder Fylkeskommune til tiltaket. Veglyset blei ferdigstille hausten 2020.

Teknisk vakt og Drifts- og vedlikehaldsteamet har vært viktige bidragsytarar igjennom året med å take ansvar for forskjellige hendingar på kommunale bygningar og anlegg.

### KOMMUNALE BYGGEPROSJEKT

#### Trafikksikkerheitstiltak - Veglys frå Åmfoss bru til Hegna.

Nytt veglysanlegg frå Åmfoss bru til Hegna.

Totalentreprenør var Otera Traftec AS

Kostnadsramme totalt 633 000 kroner inkl. mva.

Det var gitt tilsegn om trafikksikkerheitsmidlar på 178 000 kroner til prosjektet.

#### Nytt ventilasjonsanlegg Åmli RA.

Det er skifta ut ventilasjonsanlegg ved Åmli reinseanlegg.

Totalentreprenør var Ventec AS

Kostnadsramma totalt 863 000 kroner inkl. mva.

#### Utvendig rehabilitering av Elvarheim

Utvendig panel, beslag og belistning blei skifta ut på vegg mot syd og aust.

Byggfirma var TT-bygg AS

Kostnadsramme totalt 600 000 vart finansiert av coronamidler

#### Sal av kommunale boliger

Det vart seld til saman seks kommunalt eigde bustadar i 2020. Fire av dei i Negardskleiva og to av dei på Nelaug.

## PLAN- OG BYGGESEN

Det er utarbeida ny planstrategi for gjeldande valperiode, med styringsdokument for 2019 - 2023. Formålet med planstrategien er å klargjere kva planoppgåver kommunen bør prioritere i valperioden, for å legge tilrette for ei ønska utvikling i kommunen.

I samband med tilrettelegging for etablering av Biozinfabrikk på Jordøya, er det lagt ned mykje arbeid i reguleringsplaner. For ny fv415 er det utarbeidd reguleringsplan for strekninga Storbrua – Hovdefjell, og det er jobba aktivt mot fylket og stat for å sikre tildeling av midlar til å starte bygging.

Reguleringsplan for mjuke trafikantar på Simonstad er under utarbeiding.

Det har og blitt behandla private reguleringsplanar, deriblant dei to hyttefelta Hestedalsfjell og Veilag øst – Vikstøy hyttegren, samt oppstart av reguleringsplan for massetak på Raudåna.

## KART OG OPPMÅLING

Det har vert arbeida med følgende oppgaver innen kart og oppmåling.

- **Ordinær oppmåling** – 2020 var et år med normal til litt liten aktivitet på ordinære delingssaker. Normal aktivitet på grensemåling og justering
- **Infoland** – stor aktivitet på leveranser til meklere i 2020. Over 50 leveranser til eiendomsmeglere jevnt fordelt over hele året
- **Konsesjon-konsesjonsfratak** - Registrering i matrikkelen av 86 konsesjon/konsesjonsfrataksaker
- **Ledningskart** - Innmåling og ajourføring av ledningskart (VA-kart) har fortsatt i året. Hovedsak har vert registrering/ajourføring i forhold til mange lekkasjer i løpet av året. Arbeidet med registrering /oppmåling fortsetter i 2021 (sentrum og Lillemo)
- **Kommune/regionreformen** – Oppmålingskontoret hadde i første kvartal fleire kartrelaterte oppgaver i samband med innføring av nytt kommunenummer 1.januar 2020
- **Trafikksikringsplan** – Sekretærjobb i arbeidet med ny trafikksikringsplan for 2020-2023. Planen vedtatt i kommunestyret februar 2021
- **Utvida sykkelveg** – Sekretær i arbeidet med utvidelse av sykkelveien Åmli – Treungen. Gjelder planlagt trasé fra Krossbekk/Bjørnbakken via Seljås til Epletveitsletta.

- **Kulturminneplan** – Oppmålingskontoret har også i 2020 registrert og kartfesta ulike kulturminner i samband med kulturminneplanen
- **Topp 20** – Kart til toppturene er oppdatert/revidert. Nye turalternativ er lagt inn i basen «TraktorveiSti» og i manuskart «Topp 20»
- **Tomtesalg** – Salg av bustadtomter i kommunale felt – bare ei boligtomt solgt i 2020
- **BRA-arkiv/P360** - Samkjøring og standardisering av arkivdelene i samarbeid med IKT agder og Geomatikk
- **Diverse matrikkelarbeid** – Oppdatering av «TraktorveiSti basen i samarbeid med kartverket. Føring av jordskiftesaker, oppmåling av nydyrkning med innlegging i matrikkelen og bygg-registrering (tiltaksbase). I tillegg arbeid med generell kvalitetsheving av matrikkelen i samarbeid med Kartverket

## SKOGBRUK

Det blei avverka og innmålt 69.515 m<sup>3</sup> til ein samla bruttoverdi på 23,75 mill. kr. Skogbruket gir store ringverknader og landbruksdepartementet hevdar verdiskapinga utgjer 10-12 x tømmerverdien. Skogeigarane i Åmli har dermed bidrige til ei samla verdiskaping i størrelsesorden 260 mill. kr!

Av skogkultur blei det sett ut 72.200 planter, utført ungskogpleie på 3.817 og markberedning på 612 dekar. I alt blei det investert 2,16 mill. kr i skogkulturtiltak.

Det blei ferdiggodkjent i alt 15 skogsveganlegg, fordelt på 2,1 km nybygging og 10,3 km ombygging av skogsbilvegar, samt bygging av 0,53 km tung traktorveg, med samla investeringar på 6,63 mill. kr.

I alt blei det utbetalt ca 3,5 mill. kr i tilskot frå ulike statlege ordningar for å stimulere til denne aktiviteten. I tillegg kjem skogfondsutbetalingar på i alt 4,9 mill. kr. Omløpstida for skogfondsmidlar i Åmli er nå 3,1 år.

Kursvirksomheten var av ulike årsaker laber. Men det blei på sommaren lempa tilstrekkeleg på koronarestriksjonane til at me kunne arrangere skogbrukskurs over 7 dagar for avgangselevane ved Åmli skule. Det var 5 elevar som brukte nokre dagar av ferien til opplæring i bruk av motor- og ryddesag, samt forynging og stell av ungskog.

## VILTFORVALTNING

Det blei felt 112 elg, 109 hjort og 78 rådyr.

## JORDBRUK

46 føretak har eit produksjonsomfang som gjer at dei har rett på produksjonstilskot i jordbruket.

38 av desse har husdyrhald (inkl. bigardar) og 8 har reine planteproduksjonar.

46 daa er godkjent for nydyrkning i 2020. 1 gardsbruk fekk løyvd kommunalt tilskot til nydyrkning etter fastsett regelverk.

Det er løyvd midlar frå årleg overført ramme til Spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL) til 11 prosjekt: 2 av desse gjeld verneverdige bygningar, noko som utløysar midlar frå fylkeskommune og Kulturminnefondet, 8 kulturlandskap og 1 hydrotekniske anlegg. Det er utarbeidd lokale retningslinjer for bruk av desse midla.

I Åmli kommune er fleire område klassifisert som verdifulle kulturlandskap i Regionalt miljøprogram for Agder. 28 føretak har søkt midlar frå denne ordninga.

3 føretak har fått tildelt midlar frå ordninga «Tiltak i beiteområde» til radiobjøller/ no-fence.

Det blei løyvd tilskot frå Innovasjon Norge til 3 prosjekt: 1 etablerartilskot birøkt, og 2 investeringstilskot: Kalvehagen og Gjøvdal fellesbeite; til saman kr 1.160.000.

Åmli kommune har det administrative ansvaret for veterinæravtordninga i veterinærdistrikta Holt og Nedenes, dei omfattar 10 kommunar.

Satsting på dyrking av reinhavre (glutenfritt korn), jordbank og lokalmat er prosjekt under arbeid.

## REISELIV

Nærbutikkane fekk kommunalt tilskot på kr 10.000 kvar for sin funksjon som turistinformasjon.

Turistinformasjon på Elvarheim i opningstidene for museet.

Oppdatert Turistinformasjon på Åmli kommune si heimeside i tillegg til Visit Åmli under Visit Sørlandet.

Eit tett samarbeid mellom kultur og reiseliv er avgjerande for tilrettelegging med oppbygging av lokale attraksjonar. Ny Via ferrata i Trogfjell, Trogfjellstien merka på nytt, Turkart og turguide i samarbeid med Friluftsrådet Sør. Ei kulturminneløype er klar: Rostveitplassen.

Åmli kommune er medlem av Åmli turistforum. Topp 20-turane godt besøkt. Tur - og sykkelveg mellom Åmli og Treungen opna, og utviding av vegen er under arbeid med hjelp av corona-midlar.

Informasjonsmøte for reiseliv på Pan Garden.

Det interkommunale samarbeidet i Telemarksvegen held fram. 40 bedrifter frå Birkenes til Seljord er med i

eit felles marknadssamarbeid gjennom brosjyre, nettside og profilering på facebook. 8 bedrifter i Åmli er med i samarbeidet.

Kiosken i badeparken driven av Proflex i juli.

Prosjekt Nidelva og Friluftslivets ferdelsårer under arbeid.

## NÆRING

Det regionale næringsfondet har hatt stor pågang av søknadar, og vore nytta som reiskap for tildeling av kommunale tilskot frå nasjonal krisepakke til næringslivet i 2020 under koronapandemien. Fondet har ei ubyråkratisk og effektiv med sakshandsaming «tett på søker». Fondet behandla i perioden 2007 til 2019 mellom 40 og 60 saker kvart år med gjennomsnittleg stønad på KNOK 68 pr. sak.

For 2020 behandla fondet 79 saker. Av desse var 38 saker for koronamidler. Gjennomsnittleg beløp var KNOK 65 for ordinære og KNOK 74 for koronamidler. Til saman 16 bedrifter i Åmli fekk tilskot gjennom regionalt næringsfond, som er langt fleire enn i «normalår». Samla blei det gitt 1.024.000 kr til bedrifter i Åmli. Av dette var 731.000 gitt som ekstraordinære Covid19 midler.

Kommunen har samkøyd støtte gjennom Innovasjon Norge til bedrifter i Åmli gjennom risikolån og andre ordningar, samt koordinert med den statlege ordninga for nærbutikkar (Merkur), og har gitt uttale om støtte for deira søker sentralt. Kommunen vedtok ei prøveordning, med å bruke lokalbutikkane til utkjøring av varer for heimehjelptenesta, mot 10.000 i støtte til kvar butikk.

Kommunen har jobba aktivt inn mot Østre Agder Regionråd - næringsnettverk, og det er brei tilslutning til kommunens interkommunale satsing m.a. på Jordøya. Pågang Næringshage har saman med Åmli kommune etablert regelmessig rettleiing av 7 bedrifter i Åmli, for oppstart og bedriftsutvikling. Arbeidet er dekka med inntil 100% offentlege tilskot som del av statlege korona-tiltak.

I arbeidet på Jordøya/Simonstad arbeider Biozin med full oppdatering av konseptstudiet for Åmli-fabrikken. Denne jobben vil gå gjennom heile 2021 og første del av 2022. Planen er å starte detaljprosjektering av fabrikken 3. kvartal 2022.

Åmli kommune har svært tett og godt samarbeid med Biozin for utvikling av anlegget. Søknad om støtte for nytt jernbanespør, med 50% støtte frå Bane NOR er utarbeida og vil behandles i 2021.



Thomas Skadal (tv) og Bjørn Lislien (th) frå Biozin Holding AS saman med Einingsleiar Nærings og utvikling, Yngve Ramse Trædal (i midten) frå Åmli kommune frå orientering til kommunestyret. Foto: Tvedestrandsposten

På Engenes blei det i 2020 opparbeida 7 nye byggeklare tomter. 2 av desse er selde og I Multicom.no og Byggmester Olstad sette opp nye bygg. Aslak Askland AS kjøpte Åmli Veksthus frå Åmli kommune, Agder Næringselskap og Åmli Skogeigarlag, og flytta inn med firmaet Best på Skog. Kommunen fekk 5 MNOK frå Agder Fylkeskommune til etablering av GS-sti frå sentrum til Engenes På Hegna Tt Bygg Agder AS og Multicom Eiendom AS kjøpt tomter for utviding og bygg.

Det har i det heile vore sterk vekst rundt næringsområda, med anslagsvis rundt 25 nye arbeidsplassar siste par åra, og planar i om lag same omfang kommande år.



Svein Skaare i Multicom Eiendom AS og Terje Øygarden og Tommy Tande i TT Bygg Agder feirar tomtkjøp med kake saman med ordfører Bjørn Gunnar Baas. Foto: Åmli kommune/Yngve Trædal

Åmli kommunen inngjekk i 2020 sponsorsamarbeid med Heimover-festivalen, Åmli Turistforum – topp 20, Nelaug Paintball, Dristug IL og Frida Berntsen for marknadsføring av kommunen.

Prosjektet «Framtidig bruk av Åmli Videregående skole» som har pågått frå 2017 vart avslutta hausten 2020. Det er ingen konkrete avtalar på etterbruk av videregåande skole som følge av prosjektet, men det er foreslått nye utgreiingar ved å gjennomføre ei «forstudie for en fagskole innan trenæringen». Arbeidet følges opp av ny eining,

Åmli Næringsforening blei relansert og kommunen inviterte til næringsfrukost med informasjon om næringsarbeid i kommunen. Dette vare eit populært tiltak med godt over 30 frammøtte bedrifter, og vil bli vidareført når korona-situasjonen gjer nytt høve til det.

## KULTURSKULEN

Åmli kulturskule hadde ved utgangen av 2020 53 enkeltelevar, fordelt på 69 elevplasser; musikk (31) visuell kunst (13) og dans (25). Det var ikkje tilbod om dans og drama i kulturskulen i 2020.

Det var fem tilsette lærarar i kulturskulen hausten 2020, tre på musikkopplæringa, ein på dans og ein på kunst. Felelæraren gjekk av med pensjon sommaren 2019, og det blei kjøpt inn timer frå kulturskolen øst i Agder f.o.m. hausten 2019. Ein ordning som og var gjeldande i 2020.

Kulturskulen blei hausten 2020 med i eit omfattande prosjekt i samråd med kulturskulerådet. Dette er eit veileddningsprosjekt som omfattar leiring og lærarar i kulturskulen, skuleigar representert ved ordfører og oppvekstleiar samt rektor ved grunnskulen. Prosjektet strekk seg over tre semester.

## KULTUR

### Elvarheim museum

Utstillinga – Beverens reise er lagd ferdig og står oppbevart på kuben. Arbeid med utarbeidelse av pedagogisk opplegg og oversettelse til tre språk gjenskår. Utstillinga vil bli marknadsført til andre museer i Norge og utland. Utstillinga skal opnas 20. juni 2021 og stå oppe fram til september. Våren 2022 skal den til Jamtli og sommaren 2022 blir den flytt vidare til Setesdalsmuseet.

Besøkstala ved museet hadde eit lite fall i høve til fjoråret frå ca 1700 til 1400 grunna coronasituasjonen.



Bilete: Utstillinga – Beverens reise. Foto: Åmli kommune

## Sykkelveg Åmli-Treungen

Det vart utarbeid planar for ei meir trafikksikker løysning på delstrekks som går ut på riksvegen, og Statens vegvesen utførde trafikksikringstiltak på delar av strekken som går på riksvegen.

## **BYGDEBOK**

Etter vedtak i Bygdeboknemnda om å dele dei fem attståande gardsnummra i Kyrkjebygda på to bind, arbeidde bygdebokforfattaren dette året med gnr. 41 Risland og gnr. 42 Engenes. Parallelt var ei undergruppe for kvart gardsnummer, leia av medlemmer av Bygdeboknemnda, i arbeid med innsamling av bilde og opplysningar som er sperra for innsyn i offentlege kjelder (tida etter ca. 1930). Det er eit tidkrevjande arbeid med spørjeskjema, mange telefonar. Leiar Sveinung Seljås hadde lagt ned eit stort førearbeid for den prosessen og var med i begge gruppene underveis.

I prosessen fram mot trykking, hadde Halvard Skårdal og Sveinung Seljås ansvar for utval og plassering av bilde, og dei las òg korrektur saman med bygdebokforfattaren. Trass i mykje arbeid frå alle gjennom året, blei manus ferdig i seinaste laget før jul. Når det i tillegg var stor kø i bokbindarfirmaet, blei diverre ikkje bøkene levert før mellom jul og nyttår. Distribusjon, annonsering og sal måtte difor utsettast til det nye året.

I løpet av året har ei tredje gruppe arbeidd med Børtinghus, Negarden og Prestegarden i nyare tid, og bygdebokforfattaren fekk byrja på gnr. 38 Børtinghus.

## **ÅMLI BIBLIOTEK**

Som for oss alle er året preget av Covid-19. På tross av dette har Åmli bibliotek gjennomført 11 arrangement for store og små, med til sammen 237 frammøtte. Frammøte er naturlig nok litt mindre enn et normalår. Mang av våre arrangement er i samarbeid med Åmli skule og ikkje minst med Folkeakademiet i Åmli.

Fysiske besøk på biblioteket har gått ned, utlånet har ikke gått ned i same grad. I sommar var biblioteket mye brukt både av fastboende og tilreisende, juli var også den måneden med høyest utlånstall.


Fylket fikk i 2020 midler til å satse spesielt på e-bøker og e-lydbøker. Dette gis det tilgang til gjennom appen BookBites.

## **ØKONOMI**

Samfunn hadde eit revidert budsjett i 2020 på kr 28 960 396,- Rekneskapet for 2020 viser eit forbruk på kr 28 112 783,- eit positivt avvik på kr 847 613,- som utgjer 3 % av totalen – eit svært godt resultat.

Budsjettet var ei vidareføring av drifta i 2019.

## Oppvekst



Oppveksteininga hadde i 2020 oppgåver innan barnehage, skule/SFO, PP-tenesta, vaksenopplæring, flyktningteneste og interkommunalt barnevern. I tillegg vart det arbeidd med fleire tilhøyrande overordna prosjekt.

### BARNEHAGE

Det har vore god søknad til barnehagane i Åmli kommune, alle som søkte fekk barnehageplass. Bemanninga har vore i tråd med dei nasjonale normene.

I 2020 har barnehagane arbeidd med årstema årstider og hatt ulike tema kvar månad knytt opp mot årstema, rammeplanen og årsplanen.

Styrarane har hatt eit godt samarbeid for å utvikle strukturen og kvaliteten i barnehagen. Det har vore felles kursing og opplæring.

Åmli er med i Østre-Agder fagutval for barnehagar. Gjennom samarbeidet er vi med i REKOMP (regional kompetanseutvikling) for barnehagane.

I samband med HBS har barnehagane hatt felles planleggingsdagar der tema har vore livsmestring og barnesamtalar med STYD (Stolt og Ydmyk). Utviklingsarbeid med kommunepsykolog Mari Sandnes med tema «se deg selv utenifra». Innan BTI har det blitt utarbeidd ny handlingsrettleiar og det har vore gjennomført ny 0-punktsmåling.

Det har blitt gjennomført førstehjelpskurs og livredningskurs i vatn.

Det har vore mange utfordringar i barnehagane grunna koronapandemien. Å syte for godt smittevern og god organisering i tråd med retningslinene har vore krevjande for dei tilsette.

Sjukefråveret i barnehagane har vore lågt samanlikna med landssnittet.



### SKULEN

**Læringsmiljøprosjektet** vart avslutta våren 2020. Skulen har gjennom prosjektet fått gode reiskap for å lage gode og trygge rammer for trivsel og læring. I tillegg deltek skulen i Helsefremjande Skular og Barnehagar og Betre Tverrfagleg Innsats. Ordninga med å ha vaksne "Aktivitørar" i friminutta har halde fram i 2020.

Skulen har arbeidd godt med å sjå samanhengen mellom dei ulike prosjekta ein er inne i.

**Oppfølgingsordninga 2020-2023:** Kommunar som over tid har låge resultat på sentrale områder i opplæringa, får tilbod om statlig støtte og rettleiing gjennom oppfølgingsordninga. Prosjektet starta opp hausten 2020. I fyrste fasen har skulen analysert eit breitt talmateriale for å identifisere utviklingsområde. Skulen ynskjer å bli betre på å tilpasse opplæringa, slik at vi tek vare på skapargleda, engasjementet og utforskarktronget til elevane. Målet er å auke motivasjon, trivsel og mestring hos elevane. I sjølve gjennomføringsfasen av prosjektet vil vi samarbeide med eit UH-miljø som skal vere med oss gjennom heile prosessen.

**Elevundersøkinga** syner at vi ligg lågt på elevmedverknad, motivasjon og vurdering for læring, dette gjeld både 7. og 10. trinn. Desse områda heng saman og påverkar kvarandre. Skulen har hausten 2020 arbeidd systematisk med læringsmiljøet. Det er lagt vinn på å tilpasse opplæringa slik at den enkelte elev opplever mestring og betre læringsutbytte.

**Nasjonale prøver.** Elevane i 5. klasse presterer litt under landssnittet i lesing og engelsk. I rekning ligg elevane rett over landssnittet.

Elevane i 8. klasse ligg rett under landssnittet i norsk og engelsk og på landssnittet i rekning.

Elevane i 9. klasse ligg rett under landssnittet i lesing og litt over landssnittet i rekning.

Skulen har arbeidd med fagfornyinga og tatt i bruk ny læreplan hausten 2020. Gjennom **DEKOMP** (Desentralisert kompetanseutvikling) har skulen hausten 2020 starta arbeidet med **pedagogisk bruk av digitale verktøy**.

Grunnskulepoenga for 2020 låg 0,2 poeng under fylkes og 0,9 poeng under landsgjennomsnittet.



## SFO

Det er mange barn som nyttar SFO-tilbodet i Åmli og på Dølemo.

Det har vore meir fokus på uteaktivitetar. Vedtekten vart revidert i 2020. Arbeid med lokal rammeplan har, grunna endringar i leiinga, blitt utsett til 2021.

Det har vore tilbod om leksehjelp for 1.-4.klasse i SFO-tida.


## ÅMLI PP-TENESTE

PP-tenesta har vore bemanna med leiar / rådgjevar i ei heil stilling. Arbeidet består av mykje utgreining av lærevanskar, sosiale- og emosjonelle vanskar, lese- og skrivevanskar. Tenesta er sakkunnig instans, og skal gjere ei vurdering av retten til spesialundervisning i skulen samt spesialpedagogisk hjelphjå born i barnehagen.

I 2020 det har vore arbeidd med individ og systemsaker alt frå barnehageborn, skuleborn og vaksne frå vaksenopplæringa. Talet på barnehage- og skuleborn som får spesialundervisning / spesialpedagogisk hjelpheld seg nokolunde stabilt. PPT driv og eit tilbod om filmbasert rettleiing til

pedagogisk personell i skular og barnehagar etter MarteMeo-metoden.

PP-tenesta har og i 2020 innført eit full-elektronisk system for sakshandsaming i verksemda.



## FLYKTNINGTENESTA

I 2020 vart det ikkje busett nye flyktningar i Åmli kommune. Alle flyktningane er ferdige med introduksjonsprogrammet. Flyktningtenesta har fylgt opp deltakarane innanfor 5-årsperioden med helse, skule og arbeid. NAV har vore ein viktig samarbeidspart for å finne gode løysingar.



## VAKSENOPPLÆRING

Vaksenopplæringa har i 2020 halde til i 2. etasje på Åmli bibliotek. Vaksenopplæringa har hatt undervising av elevar med rett til vedlikehald av tidligare grunnskulekompetanse.

Vaksenopplæringa har kjøpt grunnskuleplassar frå Arendal Vaksenopplæring.



#### LOS/SLT (SAMORDNING AV LOKALE TILTAK):

Losen har som føremål å følge opp ungdom slik at flest mogeleg skal klare å gjennomføre vidaregåande skule. I tillegg til individuell oppfølging av utvalde ungdommar på kontrakt så har losen tett samarbeid med vidaregåande skular, NAV og oppfølgingstenesta.

Arbeidet som har vore utført i 2020 og nyare statistikk tyder på at fråfallet i det komande ser ut til å minske. Koronatida og nedstenging/drift av skular etter trafikklysmodellen har vore utfordrande i det førebyggjande arbeidet med å hindre at elevar ikkje droppar ut av vidaregåande skule.

I regionen har Åmli sitt Los-arbeidet blitt godt lagt merke til. Det har vore etterspørsel fra fleire kommunar og samarbeidsforsa etter måten vi har bygd opp og utøver tenesta.

Ungdomsarbeid har vore utført av los i 20% av stillinga på kveldstid. Dette sett opp i mot rus og kriminalitetsførebygging i SLT-modellen. Utleiga av Oasen/hallen har blitt utført av LOS-en

Los har i 2020 vore sekretær for ungdomsrådet.

Det vert halde eit SLT-møte kvar månad i Åmli. Deltakarar er rektor ved Åmli skule, politikontakt, barnevern og rus/psykiatri.

#### PROSJEKT

Nasjonal tilskotsordning for inkludering av barn I dette prosjektet ligg;

Kulturkarusellen for 1.-3.klasse.

Ein gratis ferieaktivitet for familie(I 2020 var det tilbod om tur til Dyreparken i Kristiansand)

Ein gratis ferieaktivitet for aldersgruppa 7.kl.-vgs. (Busstur til gocartbanen på Evje i haustferien og tur til bowling, Arendal i vinterferien.)

Utstyrsbanken har fått nye lokale i 2. etasje på Åmli bibliotek. Utstyret vert lånt ut gjennom

lånekortordninga til Åmli bibliotek. Der har vore kjøpt inn mykje nytt utstyr og mange har gjort bruk av tilbodet.



#### BTI (Betre tverrfagleg innsats)

BTI er eit av fire hovudsatsingsområde i folkehelseprogrammet i Agder. Kommunen fekk i 2020 kr. 250 000,- til BTI-arbeidet. Midla er brukt til kompetanseheving av personalet og til løn til prosjektleiar. I 2020 blei det utarbeidd ein ny og felles handlingsrettleiar for alle einingane i kommunen. Det har blitt jobba med implementering av rettleiaren i einingane. Nullpunktsmålinga i samarbeid med Korus Sør blei gjennomført hausten 2020. Kommunen er i slutfasa av prosjektet og skal innan 2021 ha prosjektet implementert i tenestene.



### HBS (Helsefremjande barnehagar og skular)

HBS er eit anna av fire hovudsatsingsområde i folkehelseprogrammet i Agder som Åmli kommune er med i. Tiltaka for Åmli er relasjonskompetanse og inkluderande og gode utediljø. I 2020 deltok alle tilsette i barnehagane på ein planleggingsdag med tema «Livsmestring» i regi av STYD og på to samlingar kommunepsykologen kor tema var handtering av kjensler og bygging av relasjonar. Skulen har gjennomført siste del av opplæringa i SAMM. Skuleåret 2020/2021 er stillingane som "Aktivitører", vidareført i totalt 15%-stilling. Dei har som oppgåve å legge til rette for gode og inkluderande aktivitetar i friminutta.



### ØKONOMI

Det har vore god økonomikontroll gjennom heile året. Vi har klart å budsjetttere i høve til forbruk totalt for eininga. Ein må i det vidare vere påpasselege med å sikre god ressursutnytting i dei ulike tenesteområda. Eininga har arbeidd godt med å få inn prosjektmiddel.

## Habilitering og ressurs

### ORGANISERING

Habilitering og ressurs er organisert som ei eining bestående av tenesta for funksjonshemma, NAV kommunale tenester, psykisk helseteneste/ rus, dagsenter og Åmli frivilligentral.

### TENESTA FOR FUNKSJONSHEMMA (TIMMERODDEN BUFELESSKAP)



Spørjerunde med ordførar

2020 har vore prega av Covid-19 pandemien, noko som og har vore merkbart for tenestemottakarar og personal ved Timmerodden bufellesskap. Mars 2020 stengte det meste i landet ned, også dagtilboden til tjenestemottakerne. Det vart mange turar til fots i nærområdet dei første vekene. Dag- og fritidstilbod har blitt endra som følge av pandemien, men i samarbeid med Jobbklar har det blitt lagt til rette for ulike arbeidsoppgåver som tenestemottakarane kan utføre på Timmerodden. Dagsenteret har og vore nytta ein dag i veka etter at det åpna att.

Det har ikkje vore tilflytting eller fråflytting av bebuarar på Timmerodden i 2020. Behovet for tenester har vore om lag det same som i 2019.

Det har i 2020 vore bruk av vikarar, blant anna grunna periodevis høgt sjukefråver.

Restrukturering ved Timmerodden bufellesskap vart ferdigstilt våren 2020. Personal og tenestemottakarane er delt inn i mindre team, og det har vist seg å vere ei god løysing.

Rundt årsskiftet 2019/2020 vart Åmli kommune varsle om at avtalen om kjøp av tenester frå Risør kommune vart oppsagt. Våren 2020 starta arbeidet med å legge til rette for tilbakeføring av tenestemottakar på ein god måte til Åmli kommune i løpet av siste halvdel av 2021.



Tur med bålkos

### NAV ÅMLI KOMMUNALE TENESTER

NAV Åmli ønsker å fremje økonomisk og sosial tryggleik, betre levekår og førebyggje sosial problem.

NAV gir økonomisk råd- og rettleiing for å førebyggje og løyse sosiale problem. I nokre tilfelle kan NAV tilby økonomistyring.

NAV Åmli har i dag eit godt arbeidsmiljø med tilsette som leverer gode tenester.

Samarbeidet mellom kommunale tenester i Åmli og statlege tenester i Froland har fungert bra i 2020. NAV stat har sporadisk vore til stades i 2020, grunna Covid-19 pandemien og oppmoding om heimekontor frå NAV sentralt.

Alle brukarar skal kunne kommunisere med NAV digitalt, uavhengig om dei mottek statlege eller kommunale tenester. 01.04.20 vart det innført digital løysing for søknad om sosialhjelp, DIGISOS.

Kommunestyret i Åmli vedtok i mai 2019 at NAV Åmli - kommunale tenester ikkje skal inngå i samarbeid/samanslåing av NAV-kontora i Østre Agder. Etter det har NAV Risør og takka nei til samarbeid/samanslåing. Det er forventa ei endeleg avgjerd i første kvartal 2021 om samlokalisering av NAV kontora Froland, Tvedstrand, Gjerstad og Vegårshei. Ved etablering av eit nytt felles NAV kontor for dei fire NAV-kontora, blir vertskontoret i Tvedstrand.

Grunna Covid-19 pandemien har ikkje NAV Åmli kunne nyttiggjere seg stillinga som arbeidsleiar 50% som vart lagt til eining for samfunn. Stillinga skal leggje til rette for lovpålagt aktivitet etter § 20 i lov om sosiale tenester i NAV. Ingen skal motta passive ytингar dersom det ikkje ligg helsemessige årsaker til grunn for det.

## PSYKISK HELSETENESTE/RUS

Psykisk helseteneste og rus er eit lågterskel tilbod som yter lovpålagte tenester og oppgåver.

Tenesta har vore i endring fordi ein del av brukarane i liten grad kan nyttiggjere seg samtaler aleine, og fleire av tenestemottakarane har fått tilbod om periodevis miljøarbeidarteneste eller støttekontakt. Ein ser at fleire av brukarane med utfordringar innan rusproblematikk treng meir miljøarbeidarteneste før dei kan gjere seg nytte av støttesamtalar og kan gå inn i endringsarbeid. Det må vurderast om ein skal dreie tenesta meir mot dette i 2020 og i åra vidare.

Året har vore prega av Covid- 19. I starten hadde vi mykje heimekontor, avgrensa fysisk aktivitet. Mange ting vart satt på vent. Det vart mindre yoga, svømminga blei ikkje prioritert.

Blant brukarane skapte koronaen meir frykt, einsemd og depresjon.

Koronaen har påverka det tverrfaglege samarbeidet, FACT har ikkje kome til Åmli.

Kartlegging brukerPlan er ikkje gjennomført av same årsak.

I 2019 fekk kommunen tilskot til ei 50% stilling ut over det vi har hatt tidlegare, Noko av denne prosjektstillinga har vore bruka til miljøarbeid hausten 2019 og ein ser at det er nyttig å kunne setje inn tiltak og hjelp i heimen der dette er eit behov. Vi ser at i arbeid med rusmiddelavhengige er det behov for å jobbe på ein annan og meir langsiktig måte.

Tilskotet i 2020 vart brukt meir retta mot miljøarbeid. Fiske vart prøvd ut som ein aktivitet for menn, dette lykkast ikkje, vi gjorde endringar. Vi har hatt rettleiing med kommunepsykolog og DPS. Vi har no fullelektronisk fag- og arkivsystem.

Kommunen fekk på slutten av 2019 eit ekstra tilskot til ei 20% stilling som erfaringkskonsulent med krav om at minst ein fast tilsett skal ta eit studium ved UIA saman med erfaringkskonsulenten med tema tenesteutvikling. To tilsette og erfaringkskonsulent ville gjennomføre dette i 2020. Dette studiet vart grunna Covid 19 utsett og starta først opp i oktober 2020 med avslutning i juni 2021. Det har i 2020 vore eit tett og godt samarbeid med Frisklivssentralen i høve til mellom anna mediyoga. Anna kompetanseheving blant tilsette er Tankevirus, KID- kurs og kommunepsykologen sin EFT - studie.

Vi er framleis i startgropa i høve til kva rolle erfaringkskonsulenten skal ha inn i arbeidet med rusmiddelavhengige. Vi har hatt to erfaringkskonsulenter i løpet av året.

Tilsette som jobbar tett opp til tenestemottakarane har jamlege fagmøte. Tenesta har testa ut ulike metodar på korleis dei på best mogleg måte kan gje kvarandre gode tilbakemeldingar både fagleg og menneskeleg. Tilsette jobbar mykje med å støtte kvarandre og gjere kvarandre gode. Dette er med på å oppretthalde det gode arbeidsmiljøet. Dette er positivt for dei tilsette og aukar kvaliteten på tenestene, som er til tenestemottakarane beste.



## ÅMLI SOM EIN AV-OG-TIL KOMMUNE

Åmli kommune har inngått samarbeidsavtale med organisasjonen AV-OG-TIL. AV-OG-TIL er ein alkovettorganisasjon. Det vert sett fokus på situasjonar der alkohol utgjer ein særleg risiko eller kan vere til ulempe for andre. AV-OG-TIL vil bidra til å redusere dei negative fylgjene av alkoholbruk i samfunnet og gjere kvardagen tryggare for alle. Gjennom å vere ein AV-OG-TIL kommune får vi sett fokus på førebygging og halddningsskapande arbeid innom rusfeltet. Vi deltek i ulike kampanjar som f.eks. «Hvor mange glass tåler barnet ditt».

AV-OG-TIL jobbar ikkje for at ein skal slutte å drikke alkohol, men at vi skal redusere alkoholbruken der det kan vere farleg eller gå ut over andre. Derfor har vi kampanjar som særleg fokuserer på situasjonar kor alkohol utgjer ein særleg risiko. Desse er: Arbeidsliv, båt- og badeliv, graviditet, idrett og friluftsliv, livskriser, samvær med barn og unge og trafikk.

AV-OG-TIL driv halddningsskapande arbeid gjennom eit breitt nettverk av frivillige organisasjoner, kommunar og andre samarbeidspartar. Tilsette deltok på konferanse i Oslo i 2020.

## DAGSENTER

Dagsenteret ligg sentralt til i sentrum og er eit samarbeid mellom einingane. Dagsenteret utgjer basen for dagtilbod inntil fem dagar i veka for

menneske med psykisk utviklingshemming og psykiske helsetenester.

Det har i 2020 blitt jobba med å finne gode brukertilpassa aktivitetar/ arbeidsoppgåver som gjer at brukarane føler mestring og får ein meiningsfull kvardag saman med andre. Samarbeid på tvers av brukargrupper som har tilhald på dagsenteret er viktig for oppleveling av mestring og samhald.

Det har i 2020 fortsatt vore ei auke i antal brukarar innan psykisk helse og rus, og kompleksiteten og ulike utfordringar gjer at det må vere nok tilsette til å fylge opp den einskilte. I periodar har det vore inntil 25 brukarar og tilsette innom dagsenteret på same tid. Lokala for å drive dagsenter blir for små og det fører til redusert dagtilbod, frå 5 dagar til 2 dagar i veka for einskilte brukarar. Nokre brukarar treng einerom i periodar i løpet av dagen, det medfører at det ikkje er plass til å tilretteleggje for den einskilte.

Fylkesmannen innvilga i 2019 prosjektmidlar til ei 50% stilling knytt til kommunalt rusarbeid i tillegg til den eine stillinga som vi har hatt gjennom fleire år. I denne stillinga vart det tilsett to personar hausten 2019, ein erfaringskonsulent i 20% stilling og ein miljøterapeut i 30% stilling med mål om å fange opp dei som har eit rusproblem, og som treng noko anna enn det ordinære tilbodet vi har på aktivitetssenteret per i dag. Det har vore tilbod ein kveld i veka i tillegg til det ordinære tilbodet. Tilboden vart evaluert våren 2020, og endra grunna lite oppmøte og Covid-19. Tilskotet vart vidareført i 2020.

Dagsenteret vart stengt 12.mars 2020, og var stengt fram til midten av mai 2020. Oppfølging av einskilte brukarar vart gjeve over telefon under nedstenginga.

I midten av mai starta vi opp att. Vi var då mykje ute på tur eller på badeplassen fram til hausten 2020. Positiv tilbakemelding på det. Vi hadde og eit samarbeid med Friluftsrådet Sør, som kom opp og var med på tur to gonger på hausten. Gjeld gruppa psykisk helse og rus som har tilbod på måndagar og torsdagar.

Behovet for og det viktige med sosial kontakt med andre vart enda tydelegare i desse Covid- 19 tider.

Markering av Verdensdagen for Psykisk helse ved Biblioteket i oktober.

Psykisk helse gruppa er på dagsenteret alleine grunna smittevernomsyn.

Opningstida noko redusert grunna meir tid til reinhalld.



Aketur på Gautefall

## ÅMLI FRIVILLIGSENTRAL

Fram til 12. mars 2020 var Frivilligcentralen i full drift med alle sine aktivitetar. Fokus på sosialt samvær for pensjonistar med tilbod om felles lunsj, kaffisamankomstar og bingo i opptil to gonger i veka. Andre tilbod gjennom Frivilligcentralen har vore kiosktralle for bebarane på ÅPOS betent av frivillige, matutkøyring, tilrettelegging for språkpraksis, fylgetenester til sjukehus, tannlege og liknande, kulturtimen på Åmli pleie og omsorgssenter samt samarbeid med skuleelevar frå valfaget «innsats for andre» som har medverka med sin frivillige innsats.

Frå 12. mars og fram til sommaren var alt av aktivitetar og tilbod lukka ned, då med unntak av matutkøyring, grunna Covid- 19.

Etter sommaren starta tilboden om felles lunsj, kaffisamankomstar, bingo, kulturtimen, samt fylgetenester opp att. Då med avgrensingar som følgje av nasjonale og lokale restriksjonar og omsyn til smittevern.

I samband med tiltreding av ny dagleg leiar 01.01.2021 har det gjennom november og desember vore eit fint samarbeid med overdraging. Ny dagleg leiar ynskjer å sjå på moglegheitene for ytterlegare tiltak mot ei vidare brukargruppe av frivilligcentralen, mellom anna barn og ungdom.

Pr. no vert innføring av nye tiltak vanskeleg grunna Covid- 19 restriksjonar.

## ØKONOMI

Driftsbudsjett for habilitering og ressurs vart vedteke med ei ramme på totalt kr. 22 565 506,-.

Totalt er det et mindreforbruk i 2020 på kr. 2.249 155,- Mindreforbruket skuldast mellom anna samordning av nattvakttenester, covid-19 pandemien og flytting av personell frå ei avdeling til ei anna ved sjukefråver. Nokre av avdelingane har i periodar gått med redusert bemanning grunna noko høgt sjukefråvær og utfordringar med å knytte til seg rett kompetanse til å utføre dei ulike oppgåvene som skal driftast.

## Helse og omsorg

### ORGANISERING

Helse og omsorg består av legekontor, helsestasjon, ergoterapi, fysioterapi, langtidsavdeling, skjerma avdeling, natteteneste inne og ute. Tenesten Kjøkken, vaskeri og reinhald. Samt heimebaserte tenester som består av heimesjukepleie, heimehjelp og ambulerande vaktmeister.

2020 har vært et spesielt år. 12.mars stengte Norge ned og vi har vært i kriseberedskap sidan den datoен. Den første tida var ulike tenester stengt ned. Vi gjennomførte opplæring av personell frå tenester som ikkje kunne holde normal drift, slik at ved behov for om disponering av personell er dei klare.

Når vi kunne begynne å opne opp igjen i mai/juni har tenestene har blitt levert under pandemien. Tenester som har med behandling å gjøre skal gå som normalt. Vår kommuneoverlege har hatt mange kravande utferdingar og travle arbeidsdagar i 2020. Vi har hatt fokus på beredskapsplan og tiltakskort. Vi har fått føringar frå regieringen og FHI om korleis vi skal levere tenestane

Digitalisering har hatt ein rask utvikling under pandemien, vi har lært oss å vere digitale i samarbeid internt i kommunen og ut mot verden. Det er blitt utviklet system rast, og kommunen har hatt ein bratt læringskurve. Digitalisering gjeld for innbyggjarne og tilsette. Dette opplever helse og omsorg som ein positiv utvikling.

Helse og omsorg har heldigvis hatt ein stabil bemanning i perioden 2020. Erfaring viser at vi har utfordring med å få den kompetansen som til ei kvar tid er naudsynt for å drifta.

### HESESTASJONEN

Helsestasjonstenesten blei overført frå oppvekst til helse og omsorg januar 2020.

Helsestasjonen har gjennomført alle pålagte kontroller i aldersgruppa 0 -6 år. Åmli har stor vaksinasjonsdekning av de små.

Skulehelsetenesten er styrka med 60% stilling med midlar frå Helsedirektoratet. Der er tiltak inn i alle klassetrinna.

Jordmor har 33% stilling i kommunen, dette er et interkommunalt samarbeid med Vegårshei og Gjerstad. Vegårshei er vertskommune. I 2020 var der 14 fødsel.

Helsestasjonen har tverrfaglig samarbeid med fysioterapeut, lege, barnehage, skole, PPT, barnevern, LOS, psykisk helse og kommunepsykolog.

Helsestasjon for ungdom har jordmor ansvar for sammen med lege. Her må ungdommene bestille time, og jordmor og lege tilpasser åpningstider etter behov.

### LEGEKONTOR

Legekontoret har to fastlegar. Fastlegane har eit tak på 750 pasientar på fastlegelistene ved kontoret.



Fokusområdet og målet for legekontoret har i 2020 vore å ha ei stabil drift under pandemien. Tenesten har vore levert, og det har vore tatt hensyn til smittevern. Det er etablert Luftsveisbrakk / Covid-19 testbrakke. Brakka har ført til at pasientar med luftveis symptomer har blitt undersøkt der. Legekontoret opplevde i staten av pandemien at innbyggjarne ikkje oppsøkte lege så ofte som tidligare. Dette var nok i redsel for covid-19 viruset. Dette har heldigvis endra seg, slik at legekontoret kan fange opp alvorlige ting tidlig.

### FYSIOTERAPEUT

Fysioterapitenesta har fokus på: God funksjons- og mestringsevne for menneske med muskel- og skelettdelingar, nedsett funksjonsevne og funksjonshemmingar. Fysioterapi er eit fagfelt som er tverrfagleg orientert, spesielt innan habilitering og rehabilitering.



Kommunens fysioterapiteneste er organisatorisk delt i to; Kommunalt tilsett fysioterapeut og privatpraktiserande fysioterapeut med driftsavtale.

Kommunefysioterapeuten gir tenester som omfattar førebyggjande tiltak og tenester til alle menneske med nedsett funksjonsevne som har behov for opptrening, tverrfagleg rehabilitering og tilrettelegging av sine omgjevnader. Ressursane er knytt til vurdering og behandling, helsefremmande og førebyggande arbeid, tenester frå helsestasjon, tilrettelegging av bustad og formidling av hjelpemiddel.

Oppfølging av rehabiliteringspasientar på ÅPOS har vore prioritert.

Viktig for 2021: Helsefremjande og førebyggjande helsearbeid (spesielt skulehelsetenesta og psykisk helse hos barn og vaksne). Tilby opplæring og vegleiing til tilsette. Fysisk aktivitet til eldre.

Viktig for 2020: Helsefremjande og førebyggjande helsearbeid (spesielt skulehelsetenesta og psykisk helse hos barn)

## ERGOTERAPI

I februar 2020 fikk helse og omsorg tilsett ergoterapeut i 60% stilling. Oppgåvene til ergoterapeuten er å drive førebyggjande arbeid og tilrettelegge kvardagen med bruk hjelpemiddel for pasientar med behov. Det tverrfaglige er blitt styrket med å få denne kompetansen i kommunen.

Fokus for 2021 vil være helsefremmende arbeid og tilrettelegge for brukare at dei blir mest mulig sjølvhjulpen og mestrer hverdagen best mulig.

## FRISKLIVSSENTRAL

Dette er et samarbeid mellom fysioterapeut, ergoterapeut og psykisk helse / rus.

Dette er eit lågterskeltilbod. Det er eit tilbod til innbyggjarar som ønskjer hjelp til livsstilsendring. Det kan vere å bli meir aktiv, gå ned i vekt, hjelp til å slutte å røyke eller å mestre livet med dei utfordringane som livet byr på.

Der er tilbod om samtaler, gå-gruppe, styrke trening og bassengtrening. Dei tilbyr blant anna ulike kurs som søvnkurs, tankevirus kurs og livsstils endring.

## INSTITUSJON - ÅPOS

I 2020 starta ombyggingen av ÅPOS i oktober. Dette ga tenesten utfordringar med tanke på at vi skulle ha eigne covid-19 senger. Vi hadde etablert 4 senger på rehab.avdelinga, som så blei redusert til 2 senger som vi etablerte i ein omsorgsbolig. I 2020 har sengene blitt nytta til pasientar med luftveislidningar og vi har ikkje hatt pasienter med påvist covid-19 innlagt fram til 31.12.2020.

I 2020 hadde vi 11 langtidsplasser inkludert korttids- og rehabiliteringsplassar og 6 skjerma plasser. Pr. 31.12.2020 var det 6 pasientar på langtids og 4 pasientar på skjerma. I løpet av 2020 har vi hatt fleire inne på rehabiliteringsopphald som er kome heim til eigen bustad att.

Mål for 2021: Å ha ledig rom til ei kvar tid ved institusjonen, samt å ta i mot utskrivingsklare pasientar frå sjukehuset til ei kvar tid.

## SKJERMA AVDELING

